2018

# HEMSEDAL KOMMUNE



Årsmelding

2018

**INNHALD**

**1. Rådmannen sine resultatvurderingar ..... 1**

1.1 Kva har vi fått til i 2018 – Viktige hendingar ..... 3

**2. Særskilte fokusområde 2018 ..... 4**

2.1. Skule og helse – strategiske grep for framtida ..... 4

2.2. Eigedomsskatt – naudsynt grep for framtidig finansiering av kapitalkostnadar ..... 4

**3. Samfunnsperspektivet ..... 5**

3.1 Politisk verksemd og organisasjonskart ..... 5

3.2 Samfunn og næring ..... 7

3.3 Trafikktryggleik ..... 7

3.4 Befolkning og folkehelse ..... 7

3.5 Barn og unge ..... 8

**3.6 Bustadpolitikk - bustadsosial handlingsplan ..... 9**

3.7 Beredskapsarbeid ..... 9

**4. Tenesteperspektivet ..... 10**

4.1 Helse og omsorg ..... 10

4.1.1 Overordna mål i helse- og omsorgsetaten ..... 10

4.1.2 Pleie og omsorg ..... 11

4.1.3 Helsetenesta ..... 12

4.2 Kultur og oppvekst ..... 13

4.2.1 Barnehage ..... 13

4.2.2 Grunnskulen og opplæring av vaksne ..... 14

4.2.3 Kultur – Hemsedal kulturskule, Hemsedal folkebibliotek, klubben, ålmenn kultur ..... 16

4.3 Teknisk etat ..... 18

4.3.1 Forvaltning (Byggjesak, arealplan, matrikkel, landbruk, miljø og næring) ..... 18

4.3.2 Drift (veg, vatn, avlaup) ..... 20

4.3.3 Eigedom ..... 21

**5. Medarbeidarperspektivet ..... 22**

5.1 Samarbeid med tillitsvald og vernetenesta ..... 22

5.2 Kompetanseutvikling ..... 22

5.3 Arbeidsmål ..... 22

5.4 Sjukefråvær ..... 23

5.5 Internkontroll ..... 23

5.6 Likestilling ..... 24

**6. Økonomiperspektivet....25**
6.1 Driftsrekneskap ....25
6.2 Netto driftsresultat over tid ....26
6.3 Driftsinntekter over tid....27
6.4 Frie inntekter over tid....28
6.5 Driftsutgifter over tid ....28
6.6 Løn og sosiale kostnader – over tid....29
6.7 Verksemdene – avvik rekneskap....30
6.7.1 Rådmannen med stab – sentrale inntekter og kostnader (alle tal i heile 1.000 kroner) ....30
6.7.2 Kultur og oppvekst (alle tal i heile 1.000 kroner) ....31
6.7.3 Helse og omsorg (alle tal i heile 1.000 kroner)....31
6.7.4 Teknisk (alle tal i heile 1.000 kroner) ....32
6.8 Investeringsrekneskapen....33
6.9 Balansen – nokre viktige samanhengar....35
6.9.1 Fondskapital ....35
6.9.2 Lånegjeld ....36
6.9.3 Andre fordringar....36
6.10 KOSTRA-oversyn – Hemsedal kommune – andre kommunar....37
6.11 KOSTRA-oversyn – Hemsedal kommune over tid ....38

# 1. Rådmannen sine resultatvurderingar

Innleiing:

Etter nokre år prega av stor utskifting i leiargruppa, auke i sjukefråvær og mange vakansar, har 2018 vore annleis. Vi har fått på plass dyktige medarbeidarar, der det før var vakanse, vi ser ein markant reduksjon i sjukefråvær i heile kommuneorganisasjonen, og arbeidsmiljøet er stort sett veldig godt, og prega av optimisme. Vi har gjennomgått heile kommuneorganisasjonen, og kjem til å fortsette dette arbeidet ned på tenestenivå i 2019. Det er gjort organisatoriske endringar i rådmannens stab, i helse- og omsorgsetaten og oppvekstsektoren er i full gang med å forberede framtidig struktur. Vi har brukt tid på rekruttering og på å innplassere nye folk i organisasjonen, og hovudinntrykket er at dette er løyst på ein god måte.

Økonomi:

Netto driftsresultat er eit mål på kommunen si handlefridom, og Kommunaldepartementet har uttalt at kommunane bør ha eit høgare netto driftsresultat enn 1,75 % av brutto driftsinntekter. Hemsedal kommune har i 2018 eit netto driftsresultat på kr. 3,878 mill. kr. (11,6 mill. i 2017), tilsvarande 1,58 % av brutto driftsinntekter (4,8 % i 2017).

Bak dette talet ligg reduserte kostnader som følgje av premieavvik på 2,5 mill. kroner, auka inntekter frå premiefond KLP med 2,26 mill. kroner og inntekter frå sjølvkostområdet på 3,685 mill. kroner. Ingen av desse pengane blir budsjettert med og ingen av desse beløpa har vi reell styring med. Det reelle netto driftsresultatet er difor negativt, men mindre negativt enn budsjettert.

Tenester:

Hemsedal kommune scorar høgt på ei rekkje parameter som god tenestekvalitet, gode resultat som IA-verksemd og medarbeidarundersøkingar. Inntrykket er at kommunen har god økonomistyring, ei nøktern og effektiv drift etter den organiseringa me har i dag, og at vi er i stand til å yte gode tenester til ulike brukargrupper, utan overdriven bruk av ressursar. Fordi Hemsedal er ein vekstkommune er det stort press på tenestene og stor aktivitet på alle område. Veksten er positiv fordi den gir fleire innbyggjarar, fleire arbeidsplassar og fleire inntekter, men den gir også utfordringar for administrasjonen då det er ønskjeleg og forventa at kommunen tek ei aktiv rolle som næringsutviklar, samfunnsaktør og tenesteprodusent. I 2018 har det, i alle etatar, vore arbeid mykje med å forberede vidare vekst. Kommunen har rullert arealdelen og fleire store reguleringsplanar, det er lagt planer for nye bustadtomter og ny vassforsyning og det er lagt til rette for sykkelsatsing og auke i sommarturisme. Vidare er det arbeid med ny sentralskule, nye helse og omsorgsbygg og gjort utredningar omkring nye idrettsbygg utan at endeleg løysing er vedteken. Alt dette er formål for å møte veksten, samtidig som det er eit ambisjonsnivå som er i største laget for ei liten administrasjon.

Rådmannen vil rette stor takk til alle dei dyktige, kompetente og positive tilsette , som produserer gode tenester, som sørgjer for fornøgde brukarar og som står på for at Hemsedal skal bli klar for vidare vekst. Rådmannen vil også framheve det gode samarbeidet med frivillige lag og organisasjonar i Hemsedal. Kommunen si tenesteyting saman med frivillig arbeid og innbyggarinvolvering er viktig både for omdømme, bulyst og folkehelsa i bygda.

<u>Folketal:</u>

Folketalet auka også i 2018. Hemsedal hadde ved årsskifte 2481 innbyggarar, ei auke på 24 personar, eller 1% siste året. Det er fortsatt ei ung befolkning i bygda og ser ein utvikling over tid er det pr. 2018 uvanleg mange innbyggarar i 30-, 40- og 50-års-alderen, samanlikna med korleis det var på 80 talet.




Diagrammet over illustrerer korleis aldersfordelinga har endra seg på 33 år.

## 1.1 Kva har vi fått til i 2018 – Viktige hendingar

- Folketalsvekst på 1,0 %, 24 fleire frå 1. januar 2018-1. januar 2019 – frå 2457 til 2481
- Utarbeida rom- og funksjonsprogram for ny sentralskule - HBU
- Vedtak av ny Kommuneplan – arealdel 2018 – 2030
- Vedtak av ny Kommunedelplan for Energi- og Klima 2019- 2022
- Vedtak av ny Kommunedelplan for avløp og vassmiljø 2018 – 2030 – Hovedplan
- Vedtak av ny Kommunedelplan for vassforsyning 2018-2030 – Hovedplan
- Etablert ny gang- og sykkelveg mellom Holdebakken (frå Moavegen) til Tuv sentrum
- Eigarskapsmelding – K.sak 63/2018
- Klagesak frå Statnett har resultert i mindre inntekter på eigedomskatt verk og bruk, samt ein krevjande klagesakshandsaming der utfall av saka vert avklart først i 2019
- Oppretting av personvernombod og innarbeiding av GDPR
- Legekontoret vart kommunalt frå 1. nov 2018

Kva som venter bak neste sving
veit berre den som går vidare

*ukjend*

# 2. Særskilte fokusområde 2018

## 2.1. Skule og helse – strategiske grep for framtida

Oppstartsvedtak for ny sentralskule ved HBU, vart fatta i desember 2017. Administrasjonen fekk oppgåva med å planlegge og prosjektere ny skule, slik at den skulle stå ferdig til 2020. Det var lagt til grunn ein sentralskule på Trøim, som skal være stor nok til å ta imot forventa elevtal i 2040. I tillegg ligg det inne planar for vidareutvikling av barnehagen på Ulsåk med oppstart i 2021.

Skulesaka har vore oppe i kommunestyre fleire gonger i 2018. Det var først vedtak om at skuleprosjektet skulle utlysast som ein arkitektkonkurranse før dette vart endra til ein samspelsentreprise. I september vedtok kommunestyret å utsette oppstart til 2021, og i november fekk administrasjonen oppdraget med å vurdere ny plassering av sentralskulen på sørsida av elva (BU6) Det har vore ein krevjande prosess, fordi det har vore så mykje usikkerheit knytt til både plassering, jordvern, reguleringsplanar og trafikk og parkeringsløysingar. Arbeidet fortset i 2019.

Når det gjeld behov for utvikling og investeringar i helse- og omsorgssektoren er arbeidet kome så langt at behovet er definert og det er lagt til grunn ei delt løysing det omsorgstenestene blir lokalisert rundt bygdaheimen og helsetenestene blir lokalisert i helsehuset.

## 2.2. Eigedomsskatt – naudsynt grep for framtidig finansiering av kapitalkostnadar

Utviding til generell eigedomsskatt for heile kommunen vart vedteken i 2017 og skal gjelde frå 20202. Tiltaket kjem som ein konsekvens av kommunen sine vekstambisjonar. Av store investeringar kan nemnas kommunal infrastruktur, skulebygg, helsebygg og idrettsbygg. Det er lite som tyder på at kommunen vil få økonomisk drahjelp frå sentralt hald i framtidige statsbudsjett. Fylkesmannen forventar at kommunen sjølv gjer seg nytte av dei moglegheitene kommunen sjølv har til å auke inntektsramma.

Hemsedal kommune fatta i desember 2017, vedtak om innføring av generell eigedomsskatt i heile kommunen frå 2020. For å førebu dette har administrasjonen gjort følgjande grep:

- Styrking av eigedomsskattekontoret med meir kapasitet og kompetanse.
- Inngått avtale med eit firma som skal taksere alle bygg
- Innkjøp av dataverktøy som forenklar kommunen sitt arbeid i samband med taksering og utskriving.
- Fått rettleiing i prosess og framgangsmåte.
- Starta kursopplegg for sakkyndig nemnd og klagenemnd

# 3. Samfunnsperspektivet

Samfunnsperspektivet omhandlar kommunen som samfunnsaktør som skal utvikle kommunen i den retning innbyggjarane ønskjer. Det skal leggast til grunn forvaltning, tenesteproduksjon, strategisk planlegging og næringsutvikling på tvers av etatar.

## 3.1 Politisk verksemd og organisasjonskart

Kommunestyret, har hatt fylgjande samansetning:

| | |
|---|---|
| Oddvar Grøthe, **ordførar** | Senterpartiet |
| Kjell Erik Skølt, **varaordførar** | Arbeiderpartiet |
| Tove Eggen Lien | Senterpartiet |
| Pål Rørby | Senterpartiet |
| Torstein Tuv | Senterpartiet |
| Petter Owesen | Hemsedal Bygdeliste |
| Marit Foss | Hemsedal Bygdeliste |
| Jørgen Aamot | Hemsedal Bygdeliste |
| Ove Fekene | Hemsedal Bygdeliste |
| Janne Merete Brøndbo | Arbeiderpartiet |
| Olav Syversbråten | Arbeiderpartiet |
| Maria Jartman | Høgre |
| Odd Holde | Høgre |
| Olav Støyten | Kristeleg Folkeparti |
| Ingar Nergård | Kristeleg Folkeparti |
| Steinar Bleken | Venstre |
| Ellen Margrethe Stabursvik | Sosialistisk Venstreparti |

I politikk er 2 + 2 ofte 3, undertiden 5, men aldri 4

*Aristide Briand*

Hemsedal kommune er organisert etter hovudutvalsmodellen, med delegering frå Kommunestyret. Formannskap fungerer og som kommuneplannemnd.

Administrativt er kommunen organisert med ein etatsmodellen med 3 etatar.



Tabellen under viser utvikling i talet på politiske saker frå 2013-2018:

| Saker | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Kommunestyret | 72 | 92 | 116 | 143 | 98 | 106 |
| Formannskap | 73 | 92 | 80 | 93 | 80 | 70 |
| Plan og ressurs | 84 | 105 | 97 | 100 | 104 | 106 |
| Livsløp | 37 | 39 | 54 | 87 | 43 | 50 |
| Kommuneplannemnda | | | | | 16 | 20 |

Tabellen under viser delegerte saker fordelt på utval.

| Delegerte saker | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Plan og ressurs | | 394 | 465 | 470 | 484 | 503 |
| Livsløp | | 15 | 24 | 14 | 36 | 28 |



## 3.2 Samfunn og næring

| | | |
|---|---|---|
| | **Gode resultat, gjennomført, nært gjennomført/ i planlagt prosess** | |
| | **Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess** | |
| | **Manglande resultat – ikkje gjennomført** | |
| **Mål 2018** | **Status** | |
| Ferdigstille ny arealplan – Kommuneplan 2018-2030 | Kommunestyret har vedteke ny arealdel 2018-2030 som opnar opp ca. 450 nye fritidseiningar, og areal for bustadfelt i høve venta folketalsvekst. | Grøn |
| Ferdigstille reguleringsplan for Trøym sentrum - vest. | Det er sikra grunnlag for vidare næringsutvikling. Den austre delen av sentrum vart utsett i påvente av nærmare avklaring knytt til etablering av ny sentralskule og helseinvesteringar. | Grøn |
| Ferdigstille ny Energi- og klimaplan - revidering | Vedtatt ny energi- og klimaplan med eige klimaråd. | Grøn |

## 3.3 Trafikktryggleik

| | | |
|---|---|---|
| | **Gode resultat, gjennomført, nært gjennomført/ i planlagt prosess** | |
| | **Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess** | |
| | **Manglande resultat – ikkje gjennomført** | |
| **Mål 2018** | **Status** | |
| Nytt køyremønster ved idrettsplassen - Hugnadheim | Etablert nytt køyremønster m/ parkering, «dropp off», og bom for å unngå trafikkfare ved henting/levering av born. | Grøn |
| Etablering av fartshumpar på kommunal veg | Nye fartshumper på Grøndalsvegen og Stupulvegen | Gul |
| Ny g/s-veg frå Moavegen til Tuv bustadfelt | Etablert ny g/s-veg – klar til bruk vinter 2018-2019. Vert ferdigstilt våren 2019 med påføring av toppdekke | Gul |

## 3.4 Befolkning og folkehelse

| | | |
|---|---|---|
| | **Gode resultat, gjennomført, nært gjennomført/ i planlagt prosess** | |
| | **Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess** | |
| | **Manglande resultat – ikkje gjennomført** | |
| **Mål 2018** | Status | |
| Ungdataundersøking 2017 | Administrasjonen har jobba vidare med tolking av resultata i 2018 og har saman med Livsløp, ungdomsåret og lag og organisasjonar sett på behovet for tiltak | Grøn |
| Vidareutvikla dagsenter og aktivitetstilbod | Mangel på lokale og areal fører til at enkelte brukargrupper manglar tilbod | Gul |
| Revidering av rusmiddelpolitisk handlingsplan | Ikkje gjennomført pga ressursmangel | Raud |
| Vidareutvikla samarbeid med lag og organisasjonar | Kommunen har saman med Frivilligsentralen utforma ein prosjektsøknad om aktivitet og frivilligheitskoordinator retta mot ulike brukargrupper. | Grøn |

## 3.5 Barn og unge

| | |
|---|---|
| | Gode resultat, gjennomført, nært gjennomført/ i planlagt prosess (grøn) |
| | Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess (gul) |
| | Manglande resultat – ikkje gjennomført (raud) |

| Mål 2018 | Status | |
|---|---|---|
| Følgje opp barn og unge som ikkje har eit kultur- og fritidstilbod | Det er starta opp «Tysdagstreff» - eit tverrsektorielt lågterkseltilbod for elevar på HBU etter skuletid. Dette har vore vellykka tiltak. | Grøn |
| Sikre god overgang til vidaregåande opplæring med spesielt fokus på sårbare unge. | Vi har gjennomført samhandlingsmøter mellom PPT, vidaregåande skule, grunnskule, Koordinerande eining og skuleeigar for å sjå på korleis ein best mogleg tek vare på elevar i overgangen mellom grunnskule og vidaregåande skule. | Grøn |
| Vidareføre ungdomslos i vidaregåande skule gjennom eit delt ansvar og samarbeid mellom kommunane, fylkeskommunen og NAV, jf vedtak i regionrådet | Vidareført i 2018, usikkert for åra framover.<br>Alle aktørar delar på finansieringa. | Grøn |
| Vurdere nye modellar for organisering av tverrfagleg arbeid , forsøk med familieteam. | Tiltak i fht måloppnåing blir jobba med kontinuerleg. Bla familiekonsulent, resursteam for 16-23, tysdagsgruppa og fleire tverrsektorielle tiltak. Bla opplæring i COS (circle og security) ICDP, Kjærlighet og grenser med meir. | Gul |
| Auke aktivitet blant barn og unge. Aktivitetsløft i SFO, skole og fritid | Dette vert det jobba med kontinuerlig. Samarbeid med Buskerud idrettskrets og Hemsedal IL er ikkje systematisert/etablert. | Gul |
| Sikre leikeareal, og trygge ferdselskorridorar i arealplanar | Vert følgt opp i alle reguleringsplanar | Grøn |
| Etablere interkommunalt ressursteam for barn med autisme og deira omsorgspersonar | Prosjektfinansiert i 2017 og i 2018 med Hemsedal som vertskommune. | Grøn |

## 3.6 Bustadpolitikk - bustadsosial handlingsplan

| | |
|---|---|
| | **Gode resultat, gjennomført, nært gjennomført/ i planlagt prosess** |
| | **Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess** |
| | **Manglande resultat – ikkje gjennomført** |
| **Mål 2018** | **Status** |
| Bustadutvikling skal følgje befolkninga sitt behov for egna bustad, bidra til gode bumiljø og underbyggje eit folkehelseperspektiv. | Vedteke ny arealdel sikrar bustader spreidd og konsentrert. Reguleringsplanarbeidet Trøym og ny privat reguleringsplan for BU9 – Tuv sikrar areal for einebustad og fleirmannsbustader. |
| Utbygging av sentrumsnære utleige- samt sjølveigar bustader og leilegheiter med universell utforming og tilrettelegging for smarthus og velferdsteknologi | Det vil bli ein underdekning av bustadtomter i 2019-2020. Mykje av utbyggingspotensiale av bustader ligg og til private eigedomsutviklarar. |
| Bustadsosial handlingsplan - planar og temaplan for området rundt Bygdaheimen, kommunehus og helsesenteret som eit område for bu- og behandlingssenter. | Arbeidet med bustadsosial handlingsplan er ikkje påstarta – eit arbeid ein håper å starte opp i 2019. Arbeid med sentrumsplan Trøym aust, og oppfølgjing av temaplan for helse er stilt i bero i påvente nærmare avklaringar skule og helsebehov. |
| Skaffe og tildele bustader til tenester og enkelttiltak som kan betre den enkeltes føresetnad for å meistre sin bu- og livssituasjon | Kommunen har opna opp for 10 flyktningar. Det er teke i mot ein familie på 5 personar. Det vart tilrettelagt for ein flyktningfamilie i Skogvegen 17. Busetnad av denne vart flytta til januar 2019. |

## 3.7 Beredskapsarbeid

| | |
|---|---|
| | **Gode resultat, gjennomført, nært gjennomført/ i planlagt prosess** |
| | **Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess** |
| | **Manglande resultat – ikkje gjennomført** |
| **Mål 2018** | **Status** |
| Gjennomføre minimum ei øving | Det er gjennomført 1 øving. |
| Årleg oppdatering og revidering av overordna beredskapsplan | Årleg oppdatering er gjennomfør i samsvar med årshjul. |
| Jobbe for eit godt samarbeid med dei andre kommunane i Hallingdal og andre eksterne aktørar. | Kommunane har etablert eit beredskapskoordinatorsamarbeid. I beredskapsrådet er eksterne aktørar invitert. |
| Setje fokus på sektorovergripande samarbeid og planlegging i kommunen og gjere beredskapsarbeidet til ein del av etatane si planlegging og sine rutinar | Beredskap er ofte eit tema i leiargruppa, og det er eit auka fokus på at sektorane må kjenne til kvarandre sine hovudplanar. |

# 4. Tenesteperspektivet

## 4.1 Helse og omsorg

### 4.1.1 Overordna mål i helse- og omsorgsetaten

| | |
|---|---|
| | **Gode resultat, gjennomført, nært gjennomført/ i planlagt prosess** |
| | **Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess** |
| | **Manglande resultat – ikkje gjennomført** |

| **Mål 2018** | Status | |
|---|---|---|
| Implementere kvardagsrehabilitering i tenesta | Etablert gode rutinar og prosedyrar for dette i tenesta. Prosjektet er gått over som permanente teneste. | |
| Innføre velferdsteknologiske løysingar | Prosjektarbeidet er starta og noko er tatt i bruk. Hallingdalskommunane er i ferd med å utvikle eit anbudsdokument til en offentleg anskaffing av verferdsteknogiske løysingar. | |
| Utvikle nye dagaktivitetar og dagsenter | Ikkje rom for dette ressursmessig i 2018, prioritert i 2019. Etablert eit tettare samarbeid med Frivilligsentralen. Utvida «Inn på tunet» aktivitetar til personar med demens | |
| Ferdigstille helse og omsorgsplan, rusmiddelspolitisk handlingsplan, rehabiliteringsplan mm. | Ikkje starta med dette pga. høgt arbeidspress. Oppgåve lagt til 2020, må søkje om ekstern hjelp. | |
| Sikre gode overgang frå ungdomsskole til vidaregåande for barn og unge med funksjonsnedsettjing | God dialog med Gol vidaregåande samt fylkeskommunen har sikra ein god overgang. | |
| Styrke dag-/aktivitetstilbod for dei som bur på bygdaheimen og for heime-buande og deira pårørande som treng avlasting på dagtid. | Manglar tilrettelagte lokalar tett opp mot Bygdaheimen. Fleire brukarar får tilbod via inn på tunet. Gruppebaserte dagsentertilbod og aktivitørtenester manglar grunna økonomi | |
| Gjennomføre OU-prosess i etaten | Delvis gjennomført i omsorg | |
| **Koordinerande eining (KE)** | | |
| Prioritere koordinering av tverrfagleg og tverrsektorielt samarbeid | KE koordinerer dette i etaten | |
| Prioritere kvalitets- og fagutviklingsarbeidet | Kvalitetsarbeidet henger etter | |
| Økt fokus på demensteamarbeid | Demensteamet er operativt | |

### 4.1.2 Pleie og omsorg

| |
|---|
| **Gode resultat, gjennomført, nært gjennomført/ i planlagt prosess** |
| **Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess** |
| **Manglande resultat – ikkje gjennomført** |

| **Mål 2018** | Status |
|---|---|
| **Sjukeheimen og heimetenester** | |
| Følge BEON-prinsippet for omsorg på riktig nivå (Prinsipp om beste effektive omsorgsnivå | Gode resultat |
| Styrke kompetanse, prosedyrar og kartleggingsverktøy for å førebyggje underernæring, feilernæring | Nært gjennomført, planlagt prosess |
| Implementer e tverrfagleg ressursteam som kan styrke rehabiliteringstenester i heimen med heimetrenerar | Gode resultat |
| Rett bruk av IMA og ØHD- plassar ved Hallingdal sjukestugu | Plassmangel kan være ei utfordring |
| **Bråtenjordet** | |
| Gode sysselsettings- og aktivitetstiltak | Kontinuerleg arbeid, men har en god vei til at det er gjennomført. Henger litt etter på enkelte brukara |
| Systematisk styrking av brukarmedverknad | Vanskelig å gjennomføre i praksis, men vi har fokus på de. |



### 4.1.3 Helsetenesta

**Gode resultat, gjennomført, nært gjennomført/ i planlagt prosess**
**Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess**
**Manglande resultat – ikkje gjennomført**

| | |
|---|---|
| **Helsestasjonen:** | |
| Auke ressursar og kompetanse til å jobbe med førebyggjande tiltak og tidleg intervensjon. | Har auka med ein 100% stilling på Helsestasjonen. |
| Førebyggjande arbeid med råd og rettleiing til barnefamiliar | Ikkje gjennomført pga stort arbeidspress/stort fødselstall 2018. |
| Informasjon og førebygging for å hindre at barn og unge blir kjønnslemlesta | Lovpålagte tenester blir prioritert og utført innan tidsfristar ifølge veiledere |
| **Fysioterapi/Friskliv** | |
| Vidareutvikle gruppetrening for ulike grupper som eit supplement til behandling | Dette blir utført både av fysioterapeutar i kommunen og dei med driftstilskot |
| Tilby fysisk aktivitet som eit ledd i dagsenter aktivitet, fysisk aktivitet i samarbeid med Idrettslaget | Fall førebyggande trening to gonger i veka for bebuarar Bygdaheimen og dei dårligaste heimebuande |
| Tilby bassengtrening gjennom fysioterapi og friskliv | Varmtvannsbasseng tilbod frå september til april på Nes |
| **Psykisk helse** | |
| Vidareutvikle tenesta med førebyggjande arbeid samt vere eit lågterkseltilbod for dei som har behov | Operer med svært liten ventetid. Fleire henvendelser frå innbyggarar, med behov for rask helsehjelp skaper svært høgt arbeidspressi periodar.<br>Prioritert førebygging i familiesaker, noe som har vert effektivt og forhåpentlegvis vil være samfunnsøkonomisk lønnsamt. |
| Styrke kompetansen og vidareutvikle tenesta innanfor rusomsorg i samsvar med behov og tiltak vedteke i rusmiddelpolitisk handlingsplan | Kommunen har satse på anbefalte forebyggingstiltak. Mindre samarbeid med politi og SLT. Fleire lokale brukara som opplever Hemsedal som lite prioritert nedslagsfelt for politiet, og dermed risiko for at kjøp/salg/bruk av narkotika aukar. |
| Utvikle interkommunalt samarbeid og spesialisthelsetenestadet | Samarbeidsavtale om FACT, veiledningsavtale med DPS. Samarbeidsfora med dps og hallinghelse, SAMPR |
| **Legetenesten** | |
| Vurdere kommuneoverlegen sin rolle og ansvarsområde. | Det er god dialog og god forståing mellom kommuneoverlege og kommuneleiing når det gjeld rolle og ansvarsområde. Kunne likevel vore tydelegare. |
| Endring i driftsform for legekontor – styrking av legeressurs, hjelpepersonell | Kommunen overtok drifta av legekontoret i 2018. Det vart samstundes oppretta ny fastlegeheimel og auke i stilling på hjelpepersonell. |
| Vurdere ulike modellar for organisering av legevakta i lokalt og interkommunalt | Dette er nylig vurdert lokalt og interkommunalt. Avventar framleis endelig konklusjon frå regionsrådet. |

# 4.2 Kultur og oppvekst

## 4.2.1 Barnehage

| |
|---|
| **Gode resultat, gjennomført, nært gjennomført/ i planlagt prosess** |
| **Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess** |
| **Manglande resultat – ikkje gjennomført** |

| **Mål 2018** | **Status** |
|---|---|
| Vidareføre programmet «Være sammen» og oppretthalde ressursgruppe. | Planane for «Være samman» har vorte fylgd, gjennom heile året. Pedagogane er veiledere i «Være sammen»-programmet. |
| Vidareføre KUPP (kompetanseutvikling av pedagogiske prosessar) med tema :<br>• Implementere ny rammeplan. Leiarstøtteprogram med tema barnehagevandring som metode.<br>• Inkluderande barnehage- og skulemiljø. | Vi er ein lærande organisasjon.<br><br>Vi legg til rette for og dyrkar fram gode profesjonsfellesskap.<br><br>Vi brukar ei arbeidsform som gir barnehage- og skulebasert kompetanseutvikling. |
| Legge grunnlag for matematisk forståing gjennom leik og utforsking | Brukar BU (t.d. antal og form)<br>Ynskjer meir kompetanse innan dette området. |
| Legge til rette for at barn utforskar, leiker, lærer og sjølve skapar noko gjennom digitale uttrykksformer, og at personalet utøver digital dømmekraft | Manglar kompetanse og utstyr<br>Rammeplan 2017 har fleire føringar enn det som er nemnt her, og det må vi imøtekome. |
| Alle born over 1 år får eit tilbod i løpet av tre månader, jamfør vedtektene | Gjennomført |
| Vi skal syte for gode ute- og inneområde med gode og utfordrande leikemiljø<br>Gode framtidige barnehagebygg, bygd for formålet. | Vi skårar dårleg på brukarundersøkingar på dette området. |
| Rekruttere og behalde tilsette i barnehagen med naudsynt kompetanse | Tilsette i barnehagane har høgt utdanningsnivå, me har og fått tilsett ein spesialpedagog. Fleire tilsette er under utdanning , både som barnehagelærarar og fagarbeidarar. |
| Nye krav frå 1.8.2018: Det skal være ein pedagogisk leiar per sju barn under tre år. Det skal vera ein pedagogisk leiar per 14 barn over tre år. | Dette må me sikre for å drive barnehagane etter lovverket. |
| Oppmode assistentar til å gjennomføre fagarbeidarutdanning. | Det er fleire assistentar som skal gå opp til fagbrev framover, og nokon har teke fagbrev det siste året. |
| Ha inne lærlingar kontinuerleg, og marknadsføre kommunen ut mot lærlingar. | Lærlingar er ein ressurs for barnehagane.<br>Det å ha lærlingar gir positive ringverknad. |
| Fleire menn i barnehagane. | Gjennomfører leikeressurs. Oppmuntrar menn til å søkje ved utlysningar. |
| Gode overgangar mellom barnehage og skule | Overgangsplan mellom barnehage og skule vert brukt, men skal reviderast hausten 2019. |
| Oppdatert heimeside for skule og barnehage | Me må ha ei oversiktleg og god heimeside. Her manglar me tid og kompetanse. |

### 4.2.2 Grunnskulen og opplæring av vaksne

| | | |
|---|---|---|
| | **Gode resultat, gjennomført, nært gjennomført/ i planlagt prosess** | (grøn) |
| | **Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess** | (gul) |
| | **Manglande resultat – ikkje gjennomført** | (raud) |
| **Mål 2018** | **Status** | |
| Arbeide for å få ned bruk av spesialundervisning. Legge tilrette for tilpassa opplæring i grunnskulen. | Talet på barn med spesialundervisning har gått ned frå 9 % til 8,1 %. Betre resultat i matematikk og engelsk på 5. trinn. Det er innført lesekurs og systematisk begreps-undervisning. Språk- og leseplan er under utarbeiding. | (gul) |
| Utarbeide lokal læreplan/emneplanar på HBU og Innføre ny læringsplattform | Emneplanar er innført i nesten alle fag på 5.-10. trinn. Ny læringsplattform er innført og foreldrepålogginga er klar. Den blir aktivt brukt i "Vurdering for læring" | (grøn) |
| **Eit godt psykososialt miljø:** | | |
| Revidere og implementere ny plan for å sikre elevane sitt psykososiale miljø i tråd med §9A. Skape eit godt psykososialt miljø i skulen. | Vi ser effekt av nye planar for å hindre utestenging og mobbing. Ny kunnskap er tileigna. Vi arbeidar vidare med prosjektet inkluderande barnehage- og skulemiljø neste år. Mobbetala frå elevundersøkinga er stabile, men ei betring er ønska. Fullføre planane på Ulsåk og Tuv | (gul) |
| Innarbeide Trivselslederprogrammet på Ulsåk og Tuv | Godt innarbeida | (grøn) |
| Setje fokus på digital mobbing gjennom prosjektet «Veke 6» på HBU. | Gjennomført. Har hatt fokus på inkludering av kjønsleg og seksuelt mangfald. Gjennomført som lærarkurs og foreldrekveld. Foreldra har og fått tilbod om å vere med kurs med politiet i digital dømmekraft, "Delbart" | (grøn) |
| Gjennomføre «Kjærlighet og grenser» i samarbeid med helsestasjonen. | Gjennomført med 90-95% oppslutning! | (grøn) |
| Kartlegge arbeidsmiljøet til elevane gjennom lik trivselsundersøking frå 3.-6. klasse og UDIR sin elevundersøking frå 7.-10. klasse | Dette har me gjort og alle brukte like skjema før jul. | (grøn) |
| **Foreldresamarbeid:** | | |
| Tilsette skal nytte tileigna kompetanse frå Relasjonsskuleprosjektet inn i arbeidet med klasseleiing og elevsamtale. | Vi fortset arbeidet inn i prosjektet Inkluderande barnehage og skulemiljø i form av "Dialogiske samtalar" | (gul) |
| **Vurdering:** | | |
| Jobbe aktivt for at teoriar frå prosjektet «Vurdering for læring» blir innarbeidd i lærarane sin praksis på HBU: Gi meir eksakt undervegs-melding, framovermelding og medverke til betre sluttvurdering. | Elevundersøkinga viser at målet ikkje er nådd. Lærarane gjev undervegsmelding i elevsamtalar og foreldresamtaler i småskulen | (gul) |
| Samle informasjon ved hjelp av systemet Insight (VOKAL) | Arbeider vidare med dette | (gul) |

| | | |
|---|---|---|
| **Oppretthalde det faglege nivået hjå tilsette:** | | |
| Skulane skal vere attraktive arbeidsplassar med fagleg og pedagogisk engasjement. Vert synleggjort i medarbeidarundersøkingar. | Dei tilsette ved skulen uttalar at dei arbeider på ein skule som har eit godt fagleg og pedagogisk engasjement. Dei meiner dei er ein del av ein utvikladen organisasjon. Dette arbeidet må ein halde eit kontinuerlig fokus på. | |
| Vidareutdanne lærarane jf. Forskrift til Opplæringslova § 14-2 | I år er det 4 lærarar som er i gang med utdanning. Vi merker stor interesse for studie neste skuleår. Det er stor vilje frå leiinga til å motivere for utdanning. Vi utdannar maksimalt av kva vi kan klare. | |
| Nytilsette lærarar og barne- og ungdomsarbeidarar vert oppdatert innanfor satsingsområda med eigne oppfølgingskurs slik at kompetansen blir verande i verksemda. Tidfesta i årshjul. | Dette vart gjennomført med blanda måloppnåing dette året. For skuleåret 19/20 vil det bli halde ein ekstra planleggingsdag for nytilsette. | |
| **Gode overgangar:** | | |
| Få på plass årleg møteplan der vidaregåande- og grunnskulerektorar, PPT og skulefagleg ansvarleg møtes | Dette rektornettverket er på plass og i Buskerud-målestokk for ein gode tilbakemeldingar på gjennomføringa. | |
| **Opplæring, kvalitetssystem:** | | |
| Ha eit system som sikrar at lovpålagte pålegg vert følgde, jf. Opplæringslova med forskrift og Forvaltningslova §9a og Kapittel 5 i opplæringslova.<br>• Kvalitetssystemet skal sikre at alle tilsette har oppdatert kjennskap til lovverk og handlingsplanar<br>• Rapportere endringar til rektor og etatsleiar fire gonger årleg | Har blitt gjennomført hausten 2018 og blir repetert våren 19 | |
| Utarbeide Opplærings- og kartleggingsplan for fleirspråklege | Påbegynt, men ikkje fullført | |
| Utarbeide språk- og leseplan for 1.-10. trinn | Under arbeid og skal ferdigstillast våren 19. | |
| **Krise og beredskap:** | | |
| Øving i  Krise og Beredskap | Kontinuerlig arbeid som blir gjort kvar haust. | |
| **Strukturarbeid:** | | |
| Starte eit treårig arbeid for samanslåing av Ulsåk og Tuv skular med Hemsedal barne- og ungdomsskule, pedagogisk og administrativt.<br>• Arbeide ut ein plan for overføring– «Frå tre til ein»<br>• Utarbeide rom og funksjonsanalyse for «Hemsedal skule»<br>• Utarbeide ein backup-plan dersom bygga våre ikkje rommar elevane og barnehagebarn | Rom og funksjonsplan er godkjent i K-styret<br>Plan for å sikre fleire barnehage plassar er føreslege.<br><br>Plan «Frå tre til ein»  held fram. | |

### 4.2.3 Kultur – Hemsedal kulturskule, Hemsedal folkebibliotek, klubben, ålmenn kultur

| | |
|---|---|
| Grøn | **Gode resultat, gjennomført, nært gjennomført/ i planlagt prosess** |
| Gul | **Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess** |
| Raud | **Manglande resultat – ikkje gjennomført** |

| **Mål 2018** | **Status** | |
|---|---|---|
| Hemsedal kulturskule skal kunne tilby elevane høg fagleg og pedagogisk kvalitet på undervisninga. | I 2018 auka vi antall elev og elevplassar betydeleg (133 elevar 185 elevplassar). Kulturskulen har no 11 kvalifiserte lærarar som alle bidreg til høg fagleg og pedagogisk kvalitet. Lærarstaben består av lokalt personell samt lærarar frå andre kulturskuler i Hallingdal. I 2018 gjennomførte vi 4 huskonsertar, verkstad-dag med worshops, julekonsert i kyrkja, UKM, vårførestelling Hemsedal downtown, Vårkonsert, 17. mai underhaldning, danse camp med Elin samt Ung i fauskivalen. | Grøn |
| Gi tilbod for vidarekomne elevar i kulturskulen gjennom eit talentprogram, støtta av Norsk Kulturskuleråd. | I 2018 sette kulturskulane i gang med fordjupningsprogram. Vår første satsing har vore på dans og Hallingdal dansekompani. I tillegg har vi hatt samarbeid på tvers med Buskerud teater. Dus har også vore ei vellykka satsing på teater for ungdom frå heile Hallingdal. | Grøn |
| Gi friplass for særskilt aktiv kulturskuleelev. | Dette året vart friplass tildelt ein særskilt aktiv og engasjert dansar. | Grøn |
| Sette i verk kurs som inkluderer, integrerer og utviklar elevane. | Dette er eit arbeid vi akkurat har starta opp. Vi har inngått samarbeid med NAV som har gitt støtte til Afrikansk dans. Vi har også starta dialog med HBU for å tilretteleggje for undervisning til elevar i skuletida. | Gul |
| Gje tilbod også til vaksne i kulturskulen. | Vi har starta Afrikansk dans for vaksne (kan delta frå 8. klasse). Dette har vorte eit veldig populært tilbod. Vi ynskjer å jobbe vidare med tilbod for vaksne. | Grøn |
| **Hemsedal folkebibliotek** | | |
| Drive aktiv formidling av informasjon, kunnskap og kultur med fokus på kvalitet, aktualitet og allsidigheit. | Vi har startet Afrikansk dans for voksne (kan delta fra 8. klasse). Dette har blitt et veldig populært tilbud. Vi ønsker å jobbe videre med tilbud for voksne. | Grøn |
| Gjennomføre prosjektet «Høgskulebiblioteket 622 moh». Utvikle tilbodet vårt til studentar busett i Hemsedal, slik at biblioteket kan tilby tenester til desse på same måte som høgskulebibliotek. | Prosjektet «Høgskulebiblioteket 622 moh» er avslutta. Rapport er sendt til Nasjonalbiblioteket og vi har delt erfaringane våre på den nasjonale epost-lista «Bibliotek-Norge». Tilbodet vi no har til studentar har vorte ein del av det daglege arbeidet ved biblioteket. | Grøn |
| Leggje vekt på at tilboda skal ha høg kvalitet, vere aktuelle og allsidige med ny tilvekst av trykte medier, e-medier og vedlikehald av eksisterande biblioteksamling. | Vi har for lite tid til å halde oss orientert om ny litteratur og til å halde samlinga vår ved like og gjere den attraktiv. God formidling til både born og vaksne krev kunnskap om litteraturen og innhaldet i samlinga vår. Dette har vi for lite tid til. | Gul |

| | |
|---|---|
| Samarbeide med skulane for at ulike former for lesetiltak skal vere ein del av bibliotekverksemda. Tiltak kan vere jamnlege bokpratar for alle klassetrinn, informasjon om ny litteratur og utsending av nyheitsbrev til norsklærarane. | Vi brukar mykje tid på formidling av litteratur. Alle elevane, både på HBU og Tuv/Ulsåk, får bokprat og informasjon om ny litteratur minimum to gonger i semesteret. Vi sender nyheitsbrev til norsklærarane ved HBU kvart semester. |
| **Ungdomsklubben:** | |
| Vidareutvikle klubben som ein attraktiv, heilt rusfri og trygg plass for ungdomen<br>• Godt psykososialt miljø der det er 0-toleranse for mobbing<br>• Vidareutvikle tilbodet med spel og aktivitetar<br>• Utvikle skatepark på uteområdet saman med ungdomen<br>• Ungdomane skal bidra meir til drift av klubben | Klubbarbeidarane er aktive i relasjonsarbeidet og kan derfor førebygge og stoppe konfliktar / mobbing.<br><br>Ungdommen er med og bestemmer kvart år korleis vi skal bruke Frifond-midlar til klubben. |
| Utvikle Klubben som ein viktig arena der bygd0a sine ungdomar og ungdomar med annan etnisk bakgrunn, etablerer gode relasjonar. | Fritidsleiar jobbar med å informere alle på skulen om klubben, og å få all ungdom til å kjenne seg velkommen og trygge på klubben. |
| Det skal stellast i stand lokale og felles rusfrie arrangement for ungdom i Hallingdal, også på andre arenaer enn Ungdomsklubben. Ungdommen skal sjølve delta i drifta av klubben og i planlegging og gjennomføring av arrangement mellom anna UKM. | UKM (Ung Kultur Møtes) er største kulturarrangement i året, der meir enn halvparten av elevane frå ungdomskulen deltek både framfor og bakom scena. |
| Stabil stab med dyktige medarbeidarar. | Klubben har stabil stab som har god relasjon til ungdomane. |
| **Ålmen kultur** | |
| Historielaget samlar inn og kartfestar stadnamn. | Prosjektet er avslutta. Det er oppretta innsynsløysing slik at kven som vil kan gå inn og sjå på registreringa.<br>I samarbeid med kommunen og med midlar frå Språkrådet er det no sama inn over 3873 namn |
| Spelemidlar:<br>Tre søkjarar har fått tilskot i 2018<br><br>Utbetalt nærmiljømidlar frå 2007 | Gjennomførte prosjekt:<br>Rulleskiløypa Asfaltering av to rulleskiløyper<br>Garasjebygget og ishockeybane ved Idrettsplassen<br>Orienteringskart Tuv |

> Kultur er det som blir igjen når man har glemt alt det man har lært
>
> *Selma Lagerlöf*

## 4.3 Teknisk etat

### 4.3.1 Forvaltning (Byggjesak, arealplan, matrikkel, landbruk, miljø og næring)

| |
|---|
| **Gode resultat, gjennomført, nært gjennomført/ i planlagt prosess** |
| **Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess** |
| **Manglande resultat – ikkje gjennomført** |

| **Mål 2018** | **Status** |
|---|---|
| Effektiv byggjesakshandsaming. | Gjennomført behandling på ein god måte innanfor krav til fristar for saksbehandling. |
| Oppfølging av tilsynsstrategi med vekt på næringsavfall, og regionalt samarbeid | Ny stilling på byggesak, men med effekt først mot slutten av året. Jobba for foto overvåking av returpunkt. Auka tømmefrekvens på Holdebakken. Arbeid med næringsavfall vert forsterka frå 2019. |
| Prosjekt «senger i næring» - sikre at reguleringsføresegna i turistområder vert følgt | Etablert alliansar med KS og NHO- Reiseliv som trygger ei vidare juridisk handtering i høve tolking av plan- og bygningsloven i høve kriteria knytt til «felles drift». |
| Tildele vegadresse til alle adresseverdige bygg i kommunen. | Ca. 90 % dekningsgrad for tildeling av offisielle vegadresser. Det er tildelt vegadresser til alle bustadhus – står at adressering av nærings- og fritidsbygg. |
| Vidareutvikle regionale samarbeids-løysningar med mål om auka effektivisering og utvikling av sterke fagmiljø | Regional einighet om felles VA- kontor for spreidd avløp. Gjennomføring av prosjektplan for 2019 er påstarta, med mål om etablering frå 2020. |
| Etablering av eit studietilbod for desentralisert høgskule utdanning retta mot reiseliv i samarbeid med Universitetet i Stavanger (UIS). | Godkjent fagplan for bachelor studiet «Friluftsliv sentreprenør». Manglar endelig stadfesting fra Universitetet i Stavanger på deira ressursinnsats og deltaking. Planlagt oppstart haust 2019. Studiet er modulbasert over 6 samlingar over 2 år med ein stor del praktisk tilrettelagt kunnskap. Totalt 60 studiepoeng. Ein kan deretter fortsette heiltid dei siste to åra og få ein fullverdig bachelor i reiselivleiing om ynskeleg. |
| Effektiv saksbehandling av planer | Framleis noko på etterskot med alt planarbeid grunna vakas i stilling og naudsynt innkjøp av planbistand. Ny kommuneplan – arealdel vedteke. |
| Forvaltningsoppgåver landbruk – offentleg forvaltning av statlege tilskotsordningar innan landbruk til drift og investering | Arbeida med investering innan mjølk- og kjøttproduksjon – løyst ut kr. 2,4 mill,- i tilskot. Tørkesumar vart arbeidsam og vanskeleg for mange bønder med påfølgjande erstatningssaker for avlingsskade. 22 søknadar og utbetalt erstatning på kr. 2,04 mill. Arbeid med revidering av Regionalt miljøtilskot i landbruket (RMP) med tilpassing til ny fylkesstruktur. Bekjemping av CWD med prøvetaking og auka uttak av hjortevilt, samt restriksjonar for beitenæringa utløyst mykje ekstraarbeid for forvaltninga. |
| Oppfølging av energi- og klimaplan | Framleis landstoppen innan miljøfyrtårnarbeid i høve folketal. Ny energi- og klimaplan er vedteke med reviderte mål og etablert Klimaråd |

| | | |
|---|---|---|
| Sikre statlege friluftsmidlar til Bruøyne som viktig grønt- og aktivitetsområde | Det er løyvd friluftsmidlar til bru over til Bruøyne. HIL står som ansvarleg etablering av gangbrua, i samarbeid med næring og kommune. | |
| «Temaplan for beite og kulturlandskap» – synleggjere plan i høve framtidig arealforvaltning | Ferdigstilt, og vedtak av ny temaplan for beite og kulturlandskap. Marknadsført tilskotsordningar «Ymse jord og skog», og arrangert fagmøter for næringa. | |
| Aktiv bruk av stig- og løypeplan som ledd i reiselivsutvikling, friluftsliv og folkehelse | Ferdigstilt fase II – restaurering av Skogshornstigen. Påstarta arbeid med besøksstrategi for Skogshornstigen. HUS gjennomført, telling, sommarvedlikehald og oppsyn. Etablert benker, ekstra sikkerhetsgjerder ved Rjukandefossen. | |
| Gjennomføring av handlingsdelen til Næringsplan | Aktivt bindeledd mellom næringsliv og kommune,- etablering av møteplasser, prosjektbistand, frukostmøter, og løyvd tilskot til bedrifter/prosjekt frå næringsfondet. Evaluering av næringsfondbruken siste 10 år er starta opp. Innført nytt søknadsskjema og 2 søknadsfristar i året på næringsfond. | |

### 4.3.2 Drift (veg, vatn, avlaup)

| | Måloppnåing | |
|---|---|---|
| | Gode resultat, gjennomført, nært gjennomført/ i planlagt prosess | |
| | Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess | |
| **Mål 2018** | Manglande resultat – ikkje gjennomført | |
| Levere nok, godt og sikkert vatn | Det er ikkje registert avvik i forhold til mål. Syner elles til eigen årsrapport for vassverka. | Grøn |
| 100 % av vassverkets abonnenter skal ha hygienisk sikkert drikkevann | Det er ikkje registert kvalitetsavvik på drikkevatnet. Syner elles til eigen årsrapport for vassverka. | Grøn |
| Halde lekkasjenivået stabilt på mellom 23-25 % | Lekkasjenivået er høgare enn målsettinga for områda Trøym og Ulsåk. På Tuv er det svært liten lekkasjeprosent. For å få ned lekkasjeprosenten ytterlegare må det arbeidast med rehabilitering og lekkasjesøk fortsetta i åra som kjem. Eigen årsrapport for vassverka. | Grøn |
| Uvarsla avbrot i vassforsyninga skal ikkje overstige 500 kundetimer | Berre mindre avbrot i vassforsyning, anslagsvis 50 kundetimar. | Grøn |
| Overhalde samtlege myndigheitskrav gitt i forskrift og utsleppsløyve for Trøym, Ulsåk og Grøndalen | Alle rensekrav er overholdt med god margin. Syner elles til eigen årsrapport for reinseanlegga og resepientvurdering. | Grøn |
| Oppretthalde dagens standard på kommunale vegar og betre standarden på utvalde strekningar | Vedlikehald og investeringar er gjennomført i samsvar med gjeldane plan. | Grøn |
| Utføre tiltak på kommunale vegar i samsvar med gjeldane trafikktryggleiksplan | Gjennomført i tråd med plan – fartshumpar, ny g/s-veg Moavegen – Tuv, samt nytt køyremønster v/ Idrettsplassen. | Grøn |
| Syte for og oppretthalde vintervedlikehaldet av kommunale vegar på dagens nivå | Standarden på vintervedlikehaldet av kommunale vegar er oppretheldt på same nivå som tidlegare år. | Grøn |
| Sakshandsamingstid 3 veker i kurante sakar | Alle kurante saker er svara på og behandla innan 3 veker. | Grøn |



### 4.3.3 Eigedom

| |
|---|
| **Gode resultat, gjennomført, nært gjennomført/ i planlagt prosess** |
| **Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess** |
| **Manglande resultat – ikkje gjennomført** |

| **Mål 2018** | **Status** |
|---|---|
| Følgje opp investerings- og vedlikehaldsprogram – tydeleggjer teknisk standard og behov med ei fagleg prioritering i høve gjennomføring.<br>Gjennomføre driftstiltak jfr. vedteke plan for vedlikehald av kommunale bygg | Alle prioriterte driftsoppgåver jf. forvaltning, drift og vedlikehaldsdokument (FDV) er gjennomført i tråd med økonomisk ramme.<br><br>Det er samstundes gjennomført ekstraordinær tilrettelegging av kommunal bustad, Skogvegen 17 for flyktningfamilie. Tilpassning av bygg og uteområde ved Grøthehuset, grunna manglande omsorgsbustad for yngre «Bråtenjorde».<br><br>Forutan gjennomføring av EPC, er det på kommunehuset etablert 4 nye kontorar, og skifta alle radiatorar.<br><br>Store mengder snø medført ekstraordinær kostnader knytt til brøyting, samla ca. kr. 400.000,-. |
| Rasjonalisering av eigedomsdrifta | Ei rekkje personaltiltak med utarbeiding av rutinedokument og kompetanseutvikling. Nær samtlege reinhaldarar har fagbrev som reinhaldsoperatør, noko som er unikt på landsbasis. |
| Tilfredsstille alle krav til dokumentasjon | Avdelinga er ikkje ajour med alle dokumentasjonskrav i høve FDV. Interne rapporteringsrutinar krev pc hjå tilsette, og kapasitet til naudsynt rutinearbeid vert ikkje prioritert framom for større byggprosjekt jfr. vedteke investeringsprogram. |



# 5. Medarbeidarperspektivet

## 5.1 Samarbeid med tillitsvald og vernetenesta

Rådmannen har framleis stor fokus på samarbeid med tillitsvalde og vernetenesta både gjennom AMU og andre uformelle og formelle møteplassar, både på toppnivå og ute i verksemdene. Rutine for medverknad som skal sikre at partane i arbeidslivet kan ha dialog og drøftingar om til dømes arbeidsgjevarstrategi, administrative prosedyrar og arbeidsmiljø, er tatt opp til revidering i 2018 utan dei store endringane.

## 5.2 Kompetanseutvikling

Det blir lagt stor vekt på kompetanseutvikling for å møte nye utfordringar. Det er gjennomført mange nødvendige kurs og oppdateringar innan ulike fagområde.  Fleire ufaglærte har fått fagbrev eller er under utdanning. Kommunen har sett av små midlar til formålet, men innan enkelte området har kommunen søkt og fått statlege midlar. Dei forskjellige tiltaka er beskrivi under dei enkelte etatane. Ta bort dette punktet?

## 5.3 Arbeidsmål

**Gode resultat, gjennomført, nært gjennomført/ i planlagt prosess**

**Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess**

**Manglande resultat – ikkje gjennomført**

| **Mål 2018** | **Status** |
|---|---|
| Styrke personalavdeling | Ny 100 % stilling som personal/HR-rådgjevar er på plass. |
| Bli mindre sårbare på nøkkelstillingar. Vurdere samhandling med andre kommunar der dette er formålstenleg | Samhandling på økonomisida er vurdert. Nye tilsette har gjort oss mindre sårbare. Det er fortsatt noko å gå på. |
| Leggje til rette for sosiale aktivitetar for tilsette | Det har vore gjennomført felles julebord for alle tilsette. Det har også vore invitert til felles turar, samt ei rekke tiltak ute på avdelingane. |
| Utarbeide handlingsplan for å hindre og redusere vold og truslar mot tilsette | Denne er utarbeida, og det er små endringar som skal til før den blir lagt inn som ein del av HMS hovudbok. |
| Leiarutvikling | Det har vore gjennomført 2 heile dagar internt med alle leiarane, der hovudtillitsvalde og hovudverneombod var med på den eine samlinga. |
| Rullere etiske retningslinene, ta i bruk etisk refleksjon | Denne er utsatt til 2019 |
| Rullere lønspolitikken | Arbeidet starta i 2018, er godt i gang og skal ferdigstillast før årets drøftingsmøte for 2019med fagorganisasjonane. |
| Følgje opp og lage tiltak etter medarbeiderunderøkingar og IA- prosjekt 2016/2017 | Det er gjennomført 10 faktor undersøking i 2018. Verksemdene gjennomfører eigen prosess, der utviklinga frå undersøkinga i 2016 blir vurdert og det blir satt nye tiltak for spesielle avtalte fokusområder. Meldesak i AMU. |
| Ta i bruk e-læring og utarbeide ein overordna kompetanseplan og legge til rette for kompetanseutveksling internt. | Veilederen.no er eit e-læringssystem som blir brukt i H&O. |
| | KS har utviklet e-læringssystemet KS Læring. Vi er i gong med å legge til rette for å bruke dette i kommunen. |
| | Overordna kompetanseplan er utarbeida på etatsnivå, men ikkje for heile kommunen samla. |

| | | |
|---|---|---|
| I samarbeid med tillitsvalte og verneombod gjennomføre OU- prosessar som skal styrke tenesteproduksjon. Organisering og leiarstruktur i rådmann sin stab, Helse- Omsorg og Oppvekst vert hovudfokusområder | Rådmann har endra organiseringa av staben. Leiar av Tenestetorget har blitt leiar av rådmannens stab (arkiv, økonomi, tenestetorg, kultur, løn og personal). Personalsjef, økonomisjef, jurist og leiar av stab er direkte plassert under rådmann og i rådmannens leiargruppe. | |
| | Helse og omsorg sin prosess er ikkje heilt ferdig. | |

## 5.4 Sjukefråvær

Hemsedal kommune arbeider systematisk med mål om redusert sjukefråvær og sjukefråværet har i 2018 vore lågare enn dei fleste tidlegare åra. Korttidssjukefråværet er lågt, noko som pleier å vere ein god indikator på trivsel.

| | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
|---|---|---|---|---|
| Totalt fråvær | 6,2 % | 6,0 % | 7,4 % | 5,6 % |
| - Herav korttids-fråvær | 1,7 % | 1,7 % | 1,9 % | 1,7 % |




| | Januar | Februar | Mars | April | Mai | Juni | Juli | August | September | Oktober | November | Desember |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 2015 | 8,3 % | 8,3 % | 8,4 % | 6,8 % | 7,0 % | 5,2 % | 2,3 % | 4,0 % | 5,5 % | 6,3 % | 6,5 % | 6,3 % |
| 2016 | 6,0 % | 6,5 % | 6,3 % | 7,2 % | 5,7 % | 5,4 % | 4,7 % | 5,1 % | 6,8 % | 5,3 % | 5,8 % | 7,9 % |
| 2017 | 8,4 % | 8,7 % | 9,2 % | 7,5 % | 8,2 % | 8,1 % | 5,4 % | 4,8 % | 6,4 % | 6,3 % | 7,6 % | 8,2 % |
| 2018 | 7,3 % | 7,0 % | 5,8 % | 5,5 % | 5,1 % | 4,8 % | 4,0 % | 4,2 % | 5,1 % | 4,7 % | 7,5 % | 6,4 % |

2015 2016 2017 2018

## 5.5 Internkontroll

Rådmannen har ansvar for internkontroll i kommunen. Rådmannen har hatt internkontroll som tema på leiarmøte, leiarane skal ha tilsvarande gjennomgang med sine tilsette.

## 5.6 Likestilling

Fordeling mellom kvinner og menn totalt er om lag på det som er gjennomsnitt for kommunane.
Mål om å auke talet menn innan oppvekst har ikkje lykkast. Det var pr. 1.12.2017 totalt 15 menn mot 13 pr. 1.12.2018. I Helse og omsorgsetaten har derimot talet menn auka frå 17 menn pr. 1.12.2017 til 19 menn pr. 1.12.2018. Vi er ei lita kommune med stort mangfald som legg vekt på lik behandling uansett rase, religion eller etnisitet.

**Tabell 5**
**Prosent av antall kvinner og menn i ulike sektorer i Hemsedal kommune**
Pr. 1.12.2018 basert på PAI-registeret. Tabellen inneholder bare hovedstillinger.

| | Antall | | Andel (i prosent) | |
|---|---|---|---|---|
| **Sektor** | **Kvinner** | **Menn** | **Kvinner** | **Menn** |
| I ALT | 210 | 53 | 80 | 20 |
| Sentraladministrasjonen | 14 | 2 | 88 | 13 |
| Oppvekst | 94 | 14 | 87 | 13 |
| Grunnskole | 48 | 9 | 84 | 16 |
| Barnehager | 41 | 1 | 98 | 2 |
| Fritidshj/skolefritidsordn | 2 | 1 | 67 | 33 |
| Øvrig oppvekst | 3 | 3 | 50 | 50 |
| Helse/sosial | 82 | 19 | 81 | 19 |
| Administrasjon | 2 | 1 | 67 | 33 |
| Alm helsevern | 19 | 2 | 90 | 10 |
| Alders- og sykehjem | 30 | 5 | 86 | 14 |
| PU | 12 | 8 | 60 | 40 |
| Hjemmehjelp/-sykepleie | 19 | 3 | 86 | 14 |
| Kultur | 2 | 1 | 67 | 33 |
| Teknisk sektor | 17 | 17 | 50 | 50 |
| Ymse | 1 | 0 | 100 | 0 |



# 6. Økonomiperspektivet

## 6.1 Driftsrekneskap

Kommune-Noreg opererer med fleire resultatbegrep. Netto driftsresultat er det mest normale å referere til. I tillegg vil kommunestyre normalt bli presentert for eit begrep som heiter «rekneskapsmessig meir-eller mindre-forbruk».

**Netto driftsresultat** er eit mål for å vise handlefridomen til ein kommune. Eit positivt netto driftsresultat syner i kva for grad den ordinære drifta kan bidra til eit overskot, ev. til å finansiere investeringar og avsetningar til seinare år. «Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi» anbefaler at netto driftsresultat over tid bør være >= 1,75 % av brutto driftsinntekter. For Hemsedal kommune vil dette seie at vi bør ha eit netto driftsresultat i kroner på om lag 4 mill. kroner eller meir. Begrepet er komplisert å nytte utan vidare ettersom både inntekter og utgifter som gjeld sjølvkost-området reknast med. Det same gjer tilskot frå staten og andre postar med bindingar om bruk og avsetning.

I 2018 vart det innbetalt relativt store beløp i tilkoplingsavgift. Dette er ekstraordinære inntekter på sjølvkostområdet som bles opp inntektene, brutto og netto driftsresultat, men som blir satt av til bundne fond.

I tillegg har kommunane eit noko spesielt opplegg som heiter premieavvik. Dette er «papirpengar» som blir berekna etter eit sett med kriterier fastsett av Kommunal- og regionaldepartementet. Kommunane betaler gjennom årlege pensjonspremier til KLP og STP i praksis mindre enn kva som må til for å dekke framtidige pensjonskostnader. I staden for å føre dette ei gong for alle gjennom ei balanseføring må kommunane korrigere dette årleg i rekneskapen som ein rein papir-transaksjon. Resultatet er at kommunen risikerer å få ein kostnad det eine året og ein inntekt det neste året, utan at kommunen er i stand til å påverke dette. Men føringa verkar på brutto- og netto driftsresultat. For 2018 er konsekvensane netto 2,5 mill. som reduksjon av dei sosiale kostnadene, men altså ikkje som pengar.

Vidare; når det gjeld KLP kan kommunen nokre år føre som inntekt tilført premiefond. Desse inntektene er avhengig av at KLP får til eit overskot i si drift. For 2018 var inntektsført frå premiefondet 2,26 mill. kroner. Korkje premieavvik eller premiefond bør reknast med når budsjettet blir utarbeidd.

Hemsedal kommune hadde i 2018 eit netto driftsresultat på 3,878 mill. kroner (11,626 mill. kroner i 2017), som svarar til 1,58 % av brutto driftsinntekter (4,92 % i 2017). Det var eigentleg eit godt resultat ettersom det reviderte budsjett-målet for 2018 var minus 3,07 %.

Av netto driftsresultat skal noko settast av  til fond (m.a. sjølvkostfond og tilskot frå andre med binding om bruk), men det skal også nyttast av fond i samsvar med vedtak gjort av kommunestyret, samt bruk av sjølvkostfond og tidlegare avsetningar). Vi endar etter bruk av fond og avsetningar til fond med eit rekneskapsbegrep som heiter:

**Rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk**. Dette målet er det reelle skillet mellom kva som er kommunen sine inntekter frå eige drift, frå sjølvkostverksemd samt bruk av tidlegare avsetningar fråtrukke tilsvarande utgifter.

Det rekneskapsmessige mindreforbruket var i 2018 kr. 5.926.894,50.

Det er dette resultatet som kommunestyret ved behandling av rekneskapet skal ta stilling til.

## 6.2 Netto driftsresultat over tid

*Netto driftsresultat (blir også kommentert i sjølve rekneskapsdokumentet).*




Som ein kan sjå av diagrammet over har kommunen budsjettert pessimistisk men fått eit meir positivt rekneskap enn det ein har lagt opp til. Tendensen er likevel nokså lik, ein får dårlegare rekneskapsresultat etter kvart, som ein også reknar med.

Som vist til i punkt 6.1 skuldast mykje av avviket tre forhold, sjølvkostinntekter (skal setjast av til fond), premieavvik og premiefond. Totalt dreier desse spesielle inntektene seg om 8,4 mill. kroner. Som ein kan sjå av diagrammet er det korrigerte, netto driftsresultatet nær 4,7 mill. kroner.

I 2018 har kommunen hatt netto meirinntekter på frie inntekter (skatt og rammetilskot) på 4,78 mill. kroner. Mesteparten av desse inntektene er gått med til å dekke meirforbruk på avdelingane.

## 6.3 Driftsinntekter over tid

| | R 2015 | R 2016 | R 2017 | R 2018 | Rev. B 2018 | Avvik R 2018 - B 2018 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Driftsinntekter** | | | | | | |
| Brukerbetalinger | -8 220 | -8 683 | -9 097 | -9 692 | -9 198 | -494 |
| Andre salgs- og leieinntekter | -28 120 | -33 826 | -29 047 | -36 877 | -29 974 | -6 903 |
| Overføringer med krav til motytelse | -31 773 | -35 282 | -30 199 | -29 390 | -14 637 | -14 753 |
| Rammetilskudd | -69 864 | -68 460 | -69 845 | -67 567 | -72 162 | 4 595 |
| Andre statlige overføringer | -8 197 | -11 119 | -15 471 | -8 367 | -8 252 | -115 |
| Andre overføringer | -416 | -2 689 | -101 | -805 | -28 | -777 |
| Skatt på inntekt og formue | -64 349 | -69 719 | -76 758 | -84 916 | -75 540 | -9 376 |
| Eiendomsskatt | -10 129 | -9 862 | -7 135 | -5 785 | -6 340 | 555 |
| Andre direkte og indirekte skatter | -2 727 | -2 743 | -2 727 | -2 728 | -2 830 | 102 |
| **Sum driftsinntekter** | **-223 795** | **-242 383** | **-240 380** | **-246 126** | **-218 961** | **-27 165** |

*Avvik – MINUS-tal betyr meir inntekter enn budsjettert – sjå også kommentarar i rekneskap for 2018 – punkt 3*

Dei vesentlege avvikspostane gjeld:

- Andre sals- og leigeinntekter
- Overføring med krav til motyting
- Skatt på inntekt og formue som må sjåast i samanheng med rammetilskot

Spesifikasjon av vesentlege avvikspostar:

- Andre sals- og leigeinntekter – 6,9 mill. kroner i meir-inntekter. I hovudsak gjeld dette tilknytningsavgifter på sjølvkostområdet. Ev. meirinntekter skal etter regelen setjast av til sjølvkostfond.
- Overføring med krav til motyting – 14,7 mill. kroner i meir-inntekter.
    - o Av dette er 5,5 mill. kroner refusjon for sjukdom og svangerskap. Vi budsjetterer ikkje med sjukdom og kostnader relatert til sjukdom, og dermed heller ikkje inntekt knytt til sjukdom.
    - o Andre statstilskot syner 5,2 mill. kroner meir i inntekter enn budsjettert. Dette inkluderer ymse tilskot frå statleg hald til prosjekt og satsingar og vil normalt ha ei tilsvarande utgiftsside. Pengar som ikkje blir nytta må setjast av til fond eller betalast attende.
- Netto auke i frie inntekter – skatt på inntekt og formue korrigert for justert rammetilskot – nær 4,8 mill. kroner i meir-inntekter.

## 6.4 Frie inntekter over tid

| Frie inntekter i hele 1.000 kroner | R 2015 | R 2016 | R 2017 | R 2018 |
|---|---|---|---|---|
| Skatt på inntekt og formue | -64 350 | -69 718 | -76 758 | -84 916 |
| Rammetilskot | -69 864 | -68 460 | -69 845 | -67 567 |
| Totale frie inntekter | -134 214 | -138 178 | -146 603 | -152 483 |

Frie inntekter er til kommunen sin disposisjon og blir rekna ut etter eit sinnrikt fordelingssystem. Inntektssystemet gjer det mogeleg å tilby tenester til alle innbyggarane i Noreg. Dei frie inntektene kan nyttast som dei vil til å produsere varer og tenester til innbyggarane i kommunen.

Utviklinga i inntekter har vore særs positiv i Hemsedal, sjølv når auka i folketalet har flata noko ut. Dei store skatteinntektene førar til reduksjon i rammetilskotet, men heldigvis ikkje fullt ut.

Dei frie inntektene er ikkje heilt sjølvsagt å rekne med, den einskilde regjering vil ha forskjellige måtar å nærme seg korleis fordeling mellom kommunane skal vere. Det vil normalt vere risikabelt å legge ei prognose på framtidige frie inntekter.

## 6.5 Driftsutgifter over tid

| Driftsutgifter i hele 1.000 kroner | R 2015 | R 2016 | R 2017 | R 2018 | Rev. B 2018 | Avvik R 2018 - B 2018 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Lønnsutgifter | 135 543 | 140 809 | 146 145 | 124 116 | 116 567 | 7 549 |
| Sosiale utgifter | 32 035 | 33 739 | 35 314 | 28 295 | 29 731 | -1 436 |
| Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon | 37 374 | 39 047 | 33 794 | 33 853 | 28 760 | 5 093 |
| Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon | 10 127 | 11 940 | 11 006 | 41 357 | 37 399 | 3 958 |
| Overføringer | 9 832 | 10 382 | 10 867 | 12 249 | 10 200 | 2 049 |
| Fordelte utgifter | -180 | -64 | -144 | -27 | - | -27 |
| **Sum driftsutgifter** | **224 731** | **235 853** | **236 982** | **239 844** | **222 657** | **17 187** |

*Avvik – MINUS-tal betyr mindre utgifter enn budsjettert – sjå også kommentarar i rekneskap for 2018 – punkt 3*

Dei vesentlege postane gjeld:

- Løn og sosiale kostnader – 6,1 mill. kroner i meir-forbruk. Dette heng i stor grad saman med tilsvarande inntekt som synt på førre side
- Kjøp av varer og tenester som inngår i tenesteproduksjonen – nær 5,1 mill. kroner i meirforbruk. Meirforbruket er fordelt på mange ansvar. Det som er interessant er at rekneskapsforbruket er nokonlunde likt dei siste åra, medan budsjettet er relativt lågt. Til ein viss grad heng meirforbruket saman med tilskotsordningar.
- Kjøp av varer og tenester som erstattar tenesteproduksjonen – nær 4,0 mill. kroner i meirforbruk. For ein stor del heng dette saman med andre tilskotsordningar og prosjekt, som vert dekka ved bruk av tilskotsmidlar eller avsette fondsmidlar.
  Vidare er det nytta om lag 1,4 mill. kroner meir til barnevern i høve til budsjett, men motsett nytta 900.000 kroner mindre til sosialkontortenester inkl. sosiale tilskot. Kostnader til opplæring av vaksne framandspråklege har netto-kostnader på 1,25 mill. kroner meir enn budsjett. Årsaken er at vi vart fakturert dette beløpet for lite i 2017.

## 6.6 Løn og sosiale kostnader – over tid

Arbeidskraft er ein viktig faktor i det kommunale tenestetilbodet. For nokre avdelingar utgjer lønskostnader og sosiale kostnader i form av pensjon og arb.g.avg. opp mot 90 % av dei totale kostnadene ved avdelinga. Kontroll på lønskostnadene og utviklinga av desse er difor spesielt viktig. Blir ein nøydd til å redusere på driftskostnadene må dette følgjeleg skje ved å effektivisere drifta av personellet, dvs. gjere jobben med færre tilsette.

Sjukdom og svangerskap betyr mykje for korleis kostnadene utviklar seg, men vil for mykje av fråværet også gi refusjonar. Fleire avdelingar er avhengig av at det er tilsette på jobb – 24/7 – heile året. Det har ikkje vore vanleg å budsjettere med refusjon for sjukdom og svangerskap, ei heller har ein hatt reserver i lønsbudsjettet for slike hendingar. Rådmannen meiner dette er fornuftig å fortsette med.

Premieavvik og premiefond påverkar verdiane for dei sosiale kostnadene, men er ikkje teke omsyn til i tabellane nedanfor.

Frå tidlegare årsmeldingar er det nytta lønskostnader i høve til sum driftsinntekter i %. Frå 2018 er dette justert slik at vi korrigerer for refusjon for sjukdom og svangerskap. Tabellen har difor litt endra verdiar samanlikna med 2017-årsmeldinga.

| | R 2015 | R 2016 | R 2017 | R 2018 |
|---|---|---|---|---|
| Lønn og sosiale kostnader / driftsinntekter | 59,6 % | 57,1 % | 59,8 % | 61,0 % |

Ein annan måte å sjå utvikling i lønskostnader er å sjå lønskostnader fråtrukke refusjon for sjukdom og svangerskap opp mot netto driftskostnader – kor stor del av våre kostnader går til netto løn og sosiale kostnader:

| | R 2015 | R 2016 | R 2017 | R 2018 |
|---|---|---|---|---|
| Lønn og sosiale kostnader / driftsutgifter ekskl. mva. | 63,2 % | 62,7 % | 64,9 % | 64,1 % |

Tabellane som syner utvikling i løn og sosiale kostnader peiker ikkje i nokon dramatisk retning og er ikkje å sjå på som urovekkande pr. 2018.

## 6.7 Verksemdene – avvik rekneskap

### 6.7.1 Rådmannen med stab – sentrale inntekter og kostnader (alle tal i heile 1.000 kroner)

| 10 - Sentraladministrasjon | R 2018 | B 2018-KORR | B 2018-1 | R 2017 | Avvik R 2018 - B 2018 |
|---|---|---|---|---|---|
| Løn og sosiale kostnader | 11 453 | 12 168 | 18 800 | 14 442 | -715 |
| Kjøp av varer/tenester som inngår i kommunal eigenproduksjon | 3 454 | 5 321 | 8 337 | 7 917 | -1 867 |
| Kjøp av tenester som erstatter kommunal eigenproduksjon | 6 372 | 4 616 | 1 960 | 1 970 | 1 756 |
| Overføringsutgifter | 516 | 801 | 424 | 640 | -285 |
| Finansutgifter | 3 | 75 | 75 | 33 540 | -72 |
| **Sum utgifter** | **21 798** | **22 981** | **29 596** | **58 510** | **-1 183** |
| | | | | | |
| Salsinntekter | -456 | -474 | -474 | -574 | 18 |
| Refusjonar | -801 | -535 | -148 | -5 349 | -266 |
| Overføringsinntekter | - | - | - | -168 376 | - |
| Finansinnteker og finansieringstransaksjonar | -2 010 | -2 014 | -2 014 | -30 044 | 4 |
| **Sum inntekter** | **-3 267** | **-3 023** | **-2 636** | **-204 342** | **-244** |
| **SUM gruppeansvar - rådmannen med stab** | **18 531** | **19 958** | **26 960** | **-145 832** | **-1 427** |

| 10 B - Sentraladministrasjon, finans og annet | R 2018 | B 2018-KORR | B 2018-1 | R 2017 | Avvik R 2018 - B 2018 |
|---|---|---|---|---|---|
| Løn og sosiale kostnader | 3 109 | 6 637 | - | - | -3 528 |
| Kjøp av varer/tenester som inngår i kommunal eigenproduksjon | 1 | - | - | - | 1 |
| Kjøp av tenester som erstatter kommunal eigenproduksjon | - | - | - | - | - |
| Overføringsutgifter | - | - | - | - | - |
| Finansutgifter inkl. årets mindreforbruk 5,776 mill. kroner | 39 996 | 33 129 | 20 050 | - | 6 867 |
| **Sum utgifter** | **43 106** | **39 766** | **20 050** | - | **3 340** |
| | | | | | |
| Salsinntekter | -12 | - | - | - | -12 |
| Refusjonar | - | -1 065 | -4 250 | - | 1 065 |
| Overføringsinntekter | -165 707 | -161 532 | -161 532 | - | -4 175 |
| Finansinnteker og finansieringstransaksjonar | -31 096 | -29 467 | -16 398 | - | -1 629 |
| **Sum inntekter** | **-196 815** | **-192 064** | **-182 180** | - | **-4 751** |
| **SUM gruppeansvar - rådmannen finans og annet** | **-153 709** | **-152 298** | **-162 130** | - | **-1 411** |

*Tabellen er noko annleis bygga opp i høve til rekneskapsdokumentet (sjå side 13 – 14) ettersom punkt 6.7 i årsmeldinga syner alle artar for alle avdelingar/verksemder!*

Tabellen er justert noko frå tidlegare år for å syne rådmannen med stab sine direkte kostnader og inntekter utan å blande skatt, rammetilskot, pensjon m.m. inn.

Rådmannen med stab syner eit netto mindreforbruk på 1,427 mill. kroner, hovudsakleg som følgje av mindre utgifter enn budsjettert. I grove trekk skuldast dette at nye stillingar vart besett i april og mai, samt permisjon utan løn på området.

### 6.7.2 Kultur og oppvekst (alle tal i heile 1.000 kroner)

| 20 - Kultur og oppvekst | R 2018 | B 2018-KORR | B 2018-1 | R 2017 | Avvik R 2018 - B 2018 |
|---|---|---|---|---|---|
| Løn og sosiale kostnader | 59 959 | 53 670 | 53 669 | 57 095 | 6 289 |
| Kjøp av varer/tenester som inngår i kommunal eigenproduksjon | 7 145 | 4 885 | 5 400 | 7 396 | 2 260 |
| Kjøp av tenester som erstatter kommunal eigenproduksjon | 4 149 | 2 560 | 2 559 | 5 615 | 1 589 |
| Overføringsutgifter | 3 213 | 3 039 | 2 523 | 3 333 | 174 |
| Finansutgifter | 165 | - | - | 3 096 | 165 |
| **Sum utgifter** | **74 631** | **64 154** | **64 151** | **76 535** | **10 477** |
| | | | | | |
| Salsinntekter | -5 878 | -5 966 | -5 965 | -5 578 | 88 |
| Refusjonar | -9 451 | -1 365 | -847 | -11 425 | -8 086 |
| Overføringsinntekter | -941 | -762 | -762 | -833 | -179 |
| Finansinnteker og finansieringstransaksjonar | -1 077 | -488 | -488 | -2 942 | -589 |
| **Sum inntekter** | **-17 347** | **-8 581** | **-8 062** | **-20 778** | **-8 766** |
| **SUM gruppeansvar - kultur og oppvekst** | **57 284** | **55 573** | **56 089** | **55 757** | **1 711** |

*Tabellen er noko annleis bygga opp i høve til rekneskapsdokumentet (sjå side 13 – 14) ettersom punkt 6.7 i årsmeldinga syner alle artar for alle avdelingar/verksemder!*

Det er store avvik mellom dei einskilde artsgruppene, men desse heng godt samen med omsyn til utgifter og tilsvarande inntekter. Rekneskapen syner netto eit meirforbruk på 1.711.000 kroner.

Årsaken til meirforbruket er i grove trekk:

- Kompensasjon brukarbetaling i barnehagen 313 000 kr
- Krav frå Læringssenteret feil utbetaling i 2017 430 000 kr
- Logoped 130 000 kr
- Ekstraordinært tiltak barnehage januar-juni 260 000 kr
- Barnehagebarn i annan kommune – refusjonskrav 245 877 kr
- Uteståande krav 75 000 kr
- Ekstrahjelp vart ikkje budsjettert i 2018 96 000 kr

Vi ser ikkje at dette er utgifter som vil koma i 2019

### 6.7.3 Helse og omsorg (alle tal i heile 1.000 kroner)

| 30 - Helse og sosial | R 2018 | B 2018-KORR | B 2018-1 | R 2017 | Avvik R 2018 - B 2018 |
|---|---|---|---|---|---|
| Løn og sosiale kostnader | 55 479 | 50 439 | 50 439 | 52 634 | 5 040 |
| Kjøp av varer/tenester som inngår i kommunal eigenproduksjon | 6 627 | 4 054 | 4 349 | 5 381 | 2 573 |
| Kjøp av tenester som erstatter kommunal eigenproduksjon | 18 439 | 17 901 | 17 900 | 16 040 | 538 |
| Overføringsutgifter | 2 255 | 1 634 | 1 116 | 1 694 | 621 |
| Finansutgifter | 1 252 | - | - | 1 175 | 1 252 |
| **Sum utgifter** | **84 052** | **74 028** | **73 804** | **76 924** | **10 024** |
| | | | | | |
| Salsinntekter | -5 155 | -3 979 | -3 979 | -4 845 | -1 176 |
| Refusjonar | -14 323 | -8 907 | -8 389 | -11 270 | -5 416 |
| Overføringsinntekter | -83 | - | - | -73 | -83 |
| Finansinnteker og finansieringstransaksjonar | -1 475 | -634 | -434 | -717 | -841 |
| **Sum inntekter** | **-21 036** | **-13 520** | **-12 802** | **-16 905** | **-7 516** |
| **SUM gruppeansvar - helse og sosial** | **63 016** | **60 508** | **61 002** | **60 019** | **2 508** |

*Tabellen er noko annleis bygga opp i høve til rekneskapsdokumentet (sjå side 13 – 14) ettersom punkt 6.7 i årsmeldinga syner alle artar for alle avdelingar/verksemder!*

Det er store avvik mellom dei einskilde artsgruppene, men desse heng til dels samen med omsyn til utgifter og tilsvarande inntekter. Rekneskapen syner netto eit meirforbruk på 2.508.000 kroner.

Årsaken til meirforbruket er i grove trekk:

- Overforbruk lønn Bygdaheimen og heimetenester kr 2.100.000
- Barnevern kr 1.400.000
- Fysioterapi, hjelpemidla kr 243.000
- Kjøp av varelager frå legetenesten kr 450.000
- Bråtenjorde, ny heimel kr 350.000

Meirforbruket i 2018 er spesielt for året 2018 med tanke på overtagelse av legekontoret med varelageret og ny heimel på Bråtenjorde grunnet ny bruker.
Fysioterapitenesta er ansvarleg for innkjøpt til utlån av hjelpemidler til heimebuande og på Bygdaheimen, eks rullestolar, rulatorer, dostoler mm. Med fleire eldre vil behovet auke.
Meirforbruke på Bygdaheimen og i heimetenesten er avhengig av mengda bebuarar og deira behov, dette kan være ein trend som vil fortsette i 2019.

### 6.7.4 Teknisk (alle tal i heile 1.000 kroner)

| 40 - Teknisk | R 2018 | B 2018-KORR | B 2018-1 | R 2017 | Avvik R 2018 - B 2018 |
|---|---|---|---|---|---|
| Løn og sosiale kostnader | 21 973 | 22 942 | 22 755 | 21 353 | -969 |
| Kjøp av varer/tenester som inngår i kommunal eigenproduksjon | 17 066 | 14 942 | 16 298 | 15 240 | 2 124 |
| Kjøp av tenester som erstatter kommunal eigenproduksjon | 12 397 | 12 322 | 12 322 | 10 168 | 75 |
| Overføringsutgifter | 6 265 | 4 716 | 1 553 | 5 340 | 1 549 |
| Finansutgifter | 7 045 | 2 830 | 2 830 | 3 242 | 4 215 |
| **Sum utgifter** | **64 746** | **57 752** | **55 758** | **55 343** | **6 994** |
| | | | | | |
| Salsinntekter | -35 093 | -28 753 | -28 753 | -27 291 | -6 340 |
| Refusjonar | -4 816 | -2 765 | -651 | -2 154 | -2 051 |
| Overføringsinntekter | -3 437 | -2 858 | -2 858 | -2 755 | -579 |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjonar | -6 522 | -7 117 | -5 417 | -6 154 | 595 |
| **Sum inntekter** | **-49 868** | **-41 493** | **-37 679** | **-38 354** | **-8 375** |
| **SUM gruppeansvar - teknisk** | **14 878** | **16 259** | **18 079** | **16 989** | **-1 381** |

*Tabellen er noko annleis bygga opp i høve til rekneskapsdokumentet (sjå side 13 – 14) ettersom punkt 6.7 i årsmeldinga syner alle artar for alle avdelingar/verksemder!*

Det er store avvik mellom dei einskilde artsgruppene, men desse heng for fleire postar saman med omsyn til utgifter og tilsvarande inntekter. Rekneskapen syner netto eit mindreforbruk på 1.381.000 kroner. Dette er etter at vi har satt av til fond og brukt av fond (næringsfond, disposisjonsfond og sjølvkostfond)

Årsaken til meirforbruket er i grove trekk:

- Kompensasjon for vakans i stillingar knytt til planarbeid har ført med seg auka bruk av konsulentar knytt til kommuneplanarbeid – ny arealplan, og detaljreguleringsplanarbeid knytt til Trøym sentrum
- Det er brukt noko ekstern konsulentbistand knytt til utbyggingsavtaler, juridisk kvalitetssikring og utarbeiding av kostnadsoverslag
- Det har vore noko høgare driftskostnadar knytt til sjølvkostområde m.a. sikring av ny drikksvasskjelde (prøvetaking) Krikken, men dette har vorte dekke inn via positive sjølvkostfond
- Overforbruk på vedlikehald eigedom, ca. kr. 800.000,- knytt til ekstraordinær snøproblematikk, tiltak flyktningebustadar, m.m.

Mindreforbruket i 2018 er spesielt for året 2018!
• Sparte lønnskostnadar grunna vakans i stillingar både på eigedom, byggesak- og plan

## 6.8 Investeringsrekneskapen

| | |
|---|---|
| Grøn | Gjennomført som planlagt innafor vedteke ramme |
| Gul | Ikkje gjennomført som planlagt, men ikkje vesentleg avvik |
| Raud | Ikkje gjennomført, vesentleg avvik |

| P.nr. | Brutto investeringer i anleggsmidler - spesifikasjon | R 2018 | B 2018 - REV | Status |
|---|---|---|---|---|
| 002 | Ny GPS rover med målebok | - | 240 | Gul |
| 004 | Avvik brannstasjon, lager/verksted teknisk | 161 | 425 | Grøn |
| 005 | Investering bygg, jfr. Plan for vedlikehald/inv | 2 171 | 2 160 | Grøn |
| 007 | Veglys | 165 | 640 | Grøn |
| 008 | Utvikling sentralskole + HBU | 1 395 | 1 600 | Grøn |
| 012 | Kjøp av IT ustyr til skole/barnehage/kulturskole | 132 | 187 | Grøn |
| 019 | Avvanning Ulsåk RA | - | 1 500 | Gul |
| 020 | Tiltak gamle Venås bru - overtaking og sikring | - | 240 | Gul |
| 022 | Etalering fleire kontor/oppgradering kommunehuset | 523 | 400 | Grøn |
| 030 | Ombygging vannforsyning Holdeskaret/Holdebakken | 59 | 61 | Grøn |
| 033 | Kjøp av biler | 519 | 540 | Grøn |
| 036 | Desinfiseringsmaskin | 222 | - | Gul |
| 041 | Ny avløpsledning mellom Flaget - Fiskum | - | 269 | Grøn |
| 045 | Etablering av modulbarnehage Nibbi | 304 | 400 | Grøn |
| 049 | Tiltak trafikktryggleiksplan | 562 | 400 | Gul |
| 057 | Bygdaheimen - velferdsteknologi | - | 80 | Gul |
| 072 | VA - overvassledning Ulsåk - RV 52 | 2 758 | - | Raud |
| 094 | Grøndalsvegen | 4 000 | 4 038 | Grøn |
| 108 | Høgdebasseng Holdebakken | 215 | - | Grøn |
| 113 | Grunnkjøp | - | 11 000 | Grøn |
| 114 | Grunnkjøp BU7 | 58 | 9 000 | Grøn |
| 139 | Ny innløpspumpestasjon Trøim RA | 2 247 | 3 599 | Grøn |
| 149 | Utbygging Svøo | 1 261 | - | Gul |
| 160 | Rehabilitering ledningsnett (Ulsåk) | 132 | 500 | Grøn |
| 164 | EPC-bygg over 1.000 m2 | 4 289 | 7 071 | Grøn |
| 228 | Utbygging VA-nett via Tinden | 31 | 216 | Grøn |
| 239 | Lettere gangveg Moavegen - Tuv | 2 123 | 4 244 | Grøn |
| 240 | Utbygging ambulanse / ombygging legekontor | 498 | 745 | Grøn |
| | **NETTO - investert (i Budsjett er mva. inkl).** | **23 825** | **49 555** | |
| | MVA med momskompensasjon | 4 078 | 5 778 | |
| | **Totalt - investeringer** | **27 903** | **55 333** | |

Kommentar til avvika;

| P. nr | Prosjektnavn | Kommentar til avvik i høve gjennomføring av investeringar |
|---|---|---|
| 002 | Ny GPS- Rover med målebok | Vart løyst på ein billegare måte – ikkje registrert som investering, men driftskostnad på kr. 36.500,-. |
| 019 | Avvanning Ulsåk reinseanlegg | Vart ikkje gjennomført etter ein kostnadsvurdering der tiltaket vart vurdert som for kostbart. Tiltaket utgår førebels. |
| 020 | Tiltak gamle Venås Bru | Manglar framleis godkjent avtale med Statens Vegvesen, som er avhengig av godkjent kryssingspunkt for skiløype før kommunen kan overta eigarskapet til brua. Grunneigaravtaler og alt nødvendig underlag frå kommunene vart sendt over i august 2017, men manglar førebels svar. |
| 036 | Desinfeksjonsmaskin | Ikkje budsjettert, men gjeve som gåve – ingen netto investeringskostnad for kommunen. |
| 049 | Tiltak Trafikktryggleiksplan | Utbetring av snuplass, og P-område ved Hugnadheim vart etter anbod noko dyrare enn estimert budsjett. |
| 149 | Utbygging Svøo | Tilbakekjøp av kommunal tomt, avvik sidan det ikkje har vore budsjettert |
| **P. nr** | **Prosjektnavn** | **Kommentar til avvik i høve gjennomføring av investeringar** |
| 072 | VA- overvassledning Ulsåk -Svøo | Som hastetiltak måtte overvassleidningen tas att for å unngå innlekking på reinseanlegget. Deleansvar SVV – 50% kostnadsdeling med SVV. |



# 6.9 Balansen – nokre viktige samanhengar

## 6.9.1 Fondskapital

Fondskapital - 2014 - 2018 (mill. kroner)




| | R 2013 | R 2014 | R 2015 | R 2016 | R 2017 | R 2018 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Disposisjonsfond | 16,3 | 21,2 | 26,5 | 33,0 | 44,9 | 51,8 |
| Bunde investeringsfond | 3,3 | 5,3 | 11,0 | 2,9 | 4,3 | 4,0 |
| Ubunde investeringsfond | 0,1 | 1,0 | 2,0 | 14,7 | 23,5 | 25,9 |
| Bundne driftsfond | 8,8 | 8,2 | 8,0 | 13,7 | 12,6 | 16,5 |

Fondsmidlane er delt opp i fire grupper:

- **Bundne driftsfond** – øyremerka midlar motteke med binding for bruk i driftsrekneskapen. Midlane er ikkje til disposisjon for kommunestyret
- **Bundne investeringsfond** – øyremerka til spesielle investeringsføremål. Midlane er ikkje til disposisjon for kommunestyret
- **Ubundne investeringsfond** – til kommunestyret sin disposisjon som finansiering av investeringar
- **Disposisjonsfond** – kan finansiere både drifts- og investeringstiltak. Avsetning berre i driftsrekneskap. Til fri disposisjon for kommunestyre. KS har anbefalt storleik større enn 10 % av driftsinntektene, mellom anna for å kunne møte ev. auke i rentenivået

| | R 2014 | R 2015 | R 2016 | R 2017 | R 2018 |
|---|---|---|---|---|---|
| Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter | 10,0 % | 11,8 % | 13,6 % | 18,7 % | 19,6 % |

Som ein kan sjå har Hemsedal kommune bygga opp ein god «buffer» i disposisjonsfondet. Den kan komme godt med!

### 6.9.2 Lånegjeld

***Lånegjeld – fordelt på føremål:***




Hemsedal kommune lånar pengar til vidareutlån (startlån), til finansiering av sjølvkost-investeringar og til finansiering av eigne investeringar. Sjølvkostlån blir ikkje lånt særskilt og må bereknast ut frå aktivitet. Beløpet er difor stipulert. Alle lån er til løpande renter.

Det er viktig å vere klar over skilnaden på eigne lån og lån for andre føremål. Dei følgjande tabellane tek dette omsynet.

***Gjeld i % av brutto driftsinntekter (kommunale lån til investeringar – eigenregi):***

| | R 2014 | R 2015 | R 2016 | R 2017 | R 2018 |
|---|---|---|---|---|---|
| Kommunale lån - investeringar | 112 569 | 116 168 | 117 446 | 122 297 | 131 295 |
| Brutto driftsinntekter | 212 180 | 223 795 | 242 383 | 240 380 | 264 341 |
| | **53,1 %** | **51,9 %** | **48,5 %** | **50,9 %** | **49,7 %** |

Hemsedal kommune er i ein gunstig posisjon pr. i dag og er relativt lite utsett for svingingar i rentenivå slik lånesituasjonen er pr. 31.12.2018.

### 6.9.3 Andre fordringar

| *(alle tal i heile 1.000 kroner)* | R 2014 | R 2015 | R 2016 | R 2017 | R 2018 |
|---|---|---|---|---|---|
| Kortsiktige fordringar - totalt | 16 869 | 18 351 | 37 062 | 17 031 | 22 730 |

Dei kortsiktige fordringane er reelle. Det blir skrive av veldig få krav som tap på krav som følgje av god oppfølging gjennom året.

# 6.10 KOSTRA-oversyn – Hemsedal kommune – andre kommunar

KOSTRA (**KO**mmune-**ST**at-**RA**pportering) er meint å gje styringsinformasjon om ressursinnsats, prioriteringar og måloppnåing over tid og samanlikna med andre kommunar. Hemsedal kommune er i KOSTRA-gruppe 2. Nes og Gol er dei andre Hallingdals-kommunane i denne gruppa.

| | Enhet: | 0618 Hemsedal - 2017 | 0618 Hemsedal | 0616 Nes (Buskerud) | 0617 Gol | Krødsherad | Lærdal | Nore- og Uvdal |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **FINANSIELLE NØKKELTALL** | | | | | | | | |
| Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter | Prosent | 1,6 | -1,9 | -1,2 | 1,3 | 4,8 | -0,8 | -3,0 |
| Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter | Prosent | 5,4 | 1,9 | -1,2 | -0,3 | 8,2 | -0,5 | -0,7 |
| Frie inntekter i kroner per innbygger | Kroner | 59 667 | 61 460 | 61 429 | 61 251 | 65 511 | 66 664 | 71 328 |
| Disposisjonsfond i prosent av driftsinntekter | Prosent | 18,9 | 20,6 | 3,7 | 15,7 | 25,6 | | 9,5 |
| Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinnt. | Prosent | 38,0 | 40,7 | 12,8 | 27,5 | 57,5 | | 29,3 |
| Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter | Prosent | 68,9 | 64,0 | 55,3 | 78,3 | 43,7 | | 30,0 |
| Netto lånegjeld i kroner per innbygger | Kroner | 64 014 | 64 892 | 60 892 | 102 629 | 46 098 | | 42 563 |
| | | | | | | | | |
| **PRIORITERING** | | | | | | | | |
| Netto driftsutgifter barnehagesektor, pr innbygger | Kroner | 7 782 | 8 553 | 6 795 | 6 941 | 9 733 | 6 809 | 8 063 |
| Netto driftsutgifter til grunnskolesektor (202,215,222,223), pr innbygger | Kroner | 15 804 | 16 621 | 16 200 | 13 813 | 15 918 | 16 238 | 17 462 |
| Netto driftsutgifter kultursektoren, pr. innbygger | Kroner | 2 247,0 | 2 357 | 2 742 | 2 469 | 1 584 | 2 891 | 4 543 |
| Netto driftsutgifter til kommunehelsetjenesten (232,233,234,241) pr. innbygger | Kroner | 4 359 | 4 673 | 4 410 | 4 508 | 2 697 | 6 634 | 6 012 |
| *- herav forebygging helsestasjon og skolehelsetjeneste* | *Kroner* | *1 195* | *952* | *767* | *521* | *359* | *716* | *1 058* |
| *- herav annet forebyggende helsearbeid* | *Kroner* | *666* | *745* | *526* | *290* | *83* | *706* | *-57* |
| *- herav diagnose, behandling, re-/habilitering* | *Kroner* | *2 498* | *2 976* | *3 117* | *3 697* | *2 255* | *5 212* | *5 011* |
| Netto driftsutgifter pr. innbygger, pleie- og omsorgtjenesten | Kroner | 16 791 | 17 411 | 29 384 | 23 742 | 21 318 | 26 676 | 31 205 |
| *- herav aktivisering- og servicetjenester overfor pers. med funksjonsnedsetting* | *Kroner* | *844* | *842* | *736* | *1 141* | *360* | *795* | *591* |
| *- herav institusjon* | *Kroner* | *7 432* | *8 097* | *4 767* | *8 505* | *9 558* | *11 454* | *15 973* |
| *- herav hjemmeboende* | *Kroner* | *7 048* | *7 039* | *22 584* | *13 027* | *8 558* | *12 702* | *12 568* |
| *- herav institusjonslokaler* | *Kroner* | *1 467* | *1 325* | *1 273* | *1 069* | *2 842* | *1 725* | *1 828* |
| Netto driftsutgifter til sosialtjenesten pr. innbygger | Kroner | 2 434 | 2 418 | 2 257 | 3 451 | 2 663 | 6 113 | 2 550 |
| Netto driftsutgifter til barnevernstjenesten pr. innbygger | Kroner | 2 510 | 3 323 | 3 027 | 2 458 | 1 201 | 2 672 | 6 410 |
| Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i kr. pr. innb | Kroner | 10 223 | 11 240 | 7 677 | 9 641 | 9 401 | 9 493 | 13 072 |
| *- herav driftsutgifter til administrasjon i kr. pr. innb* | *Kroner* | *7 437* | *8 415* | *5 673* | *6 343* | *7 658* | *7 273* | *9 143* |
| *- herav driftsutgifter til politisk styring, kontroll og rev. - pr. innb.* | *Kroner* | *1 567* | *1 415* | *1 171* | *1 039* | *732* | *1 589* | *1 339* |
| *- herav driftsutg. til forv. utgifter eigedomsforv.* | *Kroner* | *533* | *520* | *186* | *554* | *608* | *-* | *558* |
| *- herav driftsutg. til adm. lokaler* | *Kroner* | *655* | *890* | *647* | *1 705* | *402* | *632* | *1 762* |

**Kommentarar:**
Som for all statistikk er det viktig at tal som blir nytta til samanlikning er mest mogeleg einsarta. Det vil ikkje alltid vere tilfelle for KOSTRA. Kva for kommune ein skal samanlikne seg med er også eit viktig spørsmål. Rådmannen treng innspel og spørsmål til tala for å kunne analysere det som er viktig for eksterne brukarar.

> Statistikk er tall brukt som argumenter
>
> *Leonard Louis Levinsen*

# 6.11 KOSTRA-oversyn – Hemsedal kommune over tid

| FINANSIELLE NØKKELTALL | Enhet | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
|---|---|---|---|---|---|
| Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter | Prosent | -0,2 | 2,8 | 1,6 | -1,9 |
| Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter | Prosent | 4,4 | 6,9 | 5,4 | 1,9 |
| Frie inntekter i kroner per innbygger | Kroner | 55 415 | 56 584 | 59 667 | 61 460 |
| Disposisjonsfond i prosent av driftsinntekter | Prosent | 12,2 | 13,9 | 18,9 | 20,6 |
| Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinnt. | Prosent | 21,3 | 28,6 | 38,0 | 40,7 |
| Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter | Prosent | 69,4 | 64,9 | 68,9 | 64,0 |
| Netto lånegjeld i kroner per innbygger | Kroner | 65 323 | 65 575 | 68 766 | 64 892 |

| PRIORITERING | Enhet | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
|---|---|---|---|---|---|
| Netto driftsutgifter barnehagesektor, pr innbygger | Kroner | 7 288 | 7 977 | 7 782 | 8 553 |
| Netto driftsutgifter til grunnskolesektor (202,215,222,223), pr innbygger | Kroner | 14 863 | 14 503 | 15 394 | 16 951 |
| Netto driftsutgifter kultursektoren, pr. innbygger | Kroner | 2 168 | 2 346 | 2 247 | 2 357 |
| Netto driftsutgifter til kommunehelsetjenesten (232,233,241) pr. innbygger | Kroner | 4 370 | 4 299 | 4 359 | 4 673 |
| *- herav førebygging helsestasjon og skolehelsetjeneste* | *Kroner* | *1 012* | *833* | *1 195* | *952* |
| *- herav annet forebyggende helsearbeid* | *Kroner* | *1 122* | *889* | *666* | *745* |
| *- herav diagnose, behandling, re-/habilitering* | *Kroner* | *2 236* | *2 577* | *2 498* | *2 976* |
| Netto driftsutgifter pr. innbygger, pleie- og omsorgtjenesten | Kroner | 15 179 | 15 413 | 16 791 | 17 411 |
| *- herav aktivisering- og servicetjenester overfor pers. med funksjonsnedsetting* | *Kroner* | *451* | *630* | *844* | *842* |
| *- herav institusjon* | *Kroner* | *6 170* | *7 116* | *7 432* | *8 097* |
| *- herav hjemmeboende* | *Kroner* | *7 249* | *6 327* | *7 048* | *7 039* |
| *- herav institusjonslokaler* | *Kroner* | *1 309* | *1 340* | *1 467* | *1 325* |
| Netto driftsutgifter til sosialtjenesten pr. innbygger | Kroner | 2 105 | 2 349 | 2 320 | 3 908 |
| Netto driftsutgifter barnevernstjenestent pr innbygger | Kroner | 2 543 | 2 504 | 2 510 | 3 323 |
| *- herav adm.* | *Kroner* | *771* | *799* | *803* | *723* |
| *- herav barnevernstiltak når barnet ikke er plassert av barnevernet* | *Kroner* | *272* | *210* | *171* | *401* |
| *- herav barnevernstiltak når barnet er plassert av barnevernet* | *Kroner* | *1 500* | *1 495* | *1 536* | *2 199* |
| Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i kr. pr. innb | Kroner | 10 007 | 10 480 | 10 223 | 11 240 |
| *- herav driftsutgifter til administrasjon i kr. pr. innb* | *Kroner* | *7 414* | *7 696* | *7 437* | *8 415* |
| *- herav driftsutgifter til politisk styring, kontroll og rev. - pr. innb.* | *Kroner* | *1 362* | *1 554* | *1 567* | *1 415* |
| *- herav driftsutg. til forv. utgifter eigedomsforv.* | *Kroner* | 384 | 423 | 533 | 520 |
| *- herav driftsutg. til adm. lokaler* | *Kroner* | 822 | 764 | 655 | 890 |

**Kommentarar:**

Ettersom det er utfordrande å finne kommunar som er like med Hemsedal kan det vere lurt å sjå på utvikling over tid. Tala kan syne om dei politiske prioriteringane blir følgd opp og ev. syner seg i kostnader eller andre måltal.

Det er ikkje utan vidare samanheng mellom innsats i kroner og kvalitet, tala må difor tolkast forsiktig. Brukarundersøking over tid vil kunne avklare nokre samanhengar.